


# Utviding av Fausadalen hyttefelt

Supplerande konsekvensutgreiing  
på tema naturmangfald



MU-Rapport 2022-34



*Framsidebilete*

Større våtmarkskompleks ved Raudlihaugen, med  
hytte i bakgrunnen. Foto: Kristin Wangen 2020.

# RAPPORT 2022-34

<b>Utførande institusjon:</b> Miljøfaglig Utredning AS	<b>Prosjektansvarlig:</b> Kristin Wangen
	<b>Prosjektmedarbeidar(ar):</b> -
<b>Oppdragsgjevar:</b> Kibsgaard-Petersen AS	<b>Kontaktperson hos oppdragsgjevar:</b> Terje Bratholm Eidsvik
<b>Referanse:</b> Wangen, K. 2022. Utviding av Fausadalen hyttefelt. Supplerande konsekvensutgreiing på tema naturmangfold, Stranda kommune. Miljøfaglig Utredning rapport 2022-34, 53 sider. ISBN 978-82-345-0277-4.	
<b>Referat:</b> Miljøfaglig Utredning har på oppdrag for Kibsgaard-Petersen utført ein supplerande utgreiing av konsekvensar for tema naturmangfold i samband med reguleringsplan for Fausadalen hyttefelt. Rapporten fokuserer på konsekvensar for fugl, landskapsøkologiske funksjonsområde og inkluderer ein vurdering av naturmangfaldlova §§ 8-10.  Det er avgrensa tre økologiske funksjonsområde for fugl. Delområde 1 omfattar eit ospeholt med rundt 25 eldre ospetre, der det er konstatert hekking av kvitryggspett og dvergspett, i tillegg til ein spellass for orrfugl. Delområde 2 omfattar Stigelivatnet og våtmarksområda rundt, og er eit viktig område for våtmarksfugl, både til hekking, næringssøk og som rastepllass. Delområde tre omfattar flaumskogsmarka i Stigeligrova, som er eit viktig fuglebiotop. Eit fjerde delområde er avgrensa som eit landskapsøkologisk funksjonsområde og omfattar Nysætervatnet og myrareala rundt.  Rapporten vurderte originalt berre alternativ 1, men inkluderte eit alternativ 2 i etterkant, den 28.06.22. Alternativ 2 er omtala i kapittel 2.3, 5, 6 og 7.3. For alle delområder og begge alternativ er det gjort vurdering av verdi, påverknad og konsekvens. Påverknad og konsekvens er lavast for alternativ 2 for alle delområder.  Etter naturmangfaldlova vurderast kunnskapsgrunnlaget (§ 8) som ganske godt, slik at det har vore lite, men noko behov for bruk av føre-var-prinsippet (§ 9). Den samla belastninga er vurdert med omsyn til det landskapsøkologiske funksjonsområdet sin verdi som våtmarkskompleks, og området sin verdi for våtmarksfugl, samt for skogsfugl i det same langsakpet. Den samla belastninga er rekna som stor for alternativ 1 og middels stor for alternativ 2.	

# FØREORD

Miljøfaglig Utredning har utført ein supplerande konsekvensutgreiing på tema naturmangfald i samband med reguleringsplan for utviding av Fausadalen hytteområde i Stranda kommune. Ei konsekvensutgreiing på tema naturmangfald vart gjennomført i 2020, men er etter signal gjennom høyringsrunden vurdert av oppdragsgivar å trenge grundigare vurdering av delar av utgreiinga. Understikna har vurdert at behovet for grundigare gjennomgang gjeld spesielt området sin betydning for fugl, vurdering av landskapsøkologiske funksjonsområder og vurdering av den samla belastninga (§ 10 i naturmangfaldlova). Den 28.06 vart rapporten supplert med vurderingar av eit alternativ 2. Dette alternativet er omtala i kapittel 2.3, 5, 6 og 7.3.

Oppdraget er utført for Kibsgaard-Petersen AS, der Terje Bratholm Eidsvik har vore kontaktperson. Prosjektansvarleg hos Miljøfaglig Utredning har vore Kristin Wangen, medan Geir Gaarder har kvalitetssikra rapporten. Bjørn Harald Larsen har i tillegg bistått i vurderingar.

*Ørsta, 28.06.22*

*Miljøfaglig Utredning AS*

*Kristin Wangen*

# INNHOLD

1	INNLEIING .....	7
2	TILTAKET .....	8
2.1	FORMÅL .....	8
2.2	UTGREIINGSOMRÅDET.....	8
2.3	ALTERNATIV .....	9
2.3.1	Alternativ 1 .....	9
2.3.2	Alternativ 2 .....	10
2.3.3	Alternativ 0 .....	11
3	METODE.....	13
3.1	RETNINGSLINJER.....	13
3.1.1	Omfang av rapporten.....	13
3.2	KONSEKVENSANALYSE .....	13
4	RESULTAT.....	22
4.1	NATURGRUNNLAGET.....	22
4.2	KUNNSKAPSINNHENTING .....	22
4.3	FUGLEARTAR .....	23
4.4	OMRÅDET SIN BETYDNING FOR FUGL.....	27
4.4.1	Økologiske funksjonsområde.....	29
4.5	VÅTMARKSOMRÅDE OG RIKMYR.....	30
4.5.1	Landskapsøkologisk funksjonsområde.....	31
5	VURDERING AV VERDI OG PÅVERKNAD.....	33
5.1	SAMLA VERDIVURDERING .....	33
5.2	VERDI OG PÅVERKNAD FOR BERØRTE DELOMRÅDE .....	34
5.2.1	Delområde 1 – Kvitblikkhaugen aust .....	34
5.2.2	Delområde 2 – Stigelivatnet.....	35
5.2.3	Delområde 3 – Stigeligrova .....	36
5.2.4	Delområde 4 – Nysætervatnet og omegn.....	37
6	KONSEKVENSAR .....	40
6.1	VURDERING AV ALLE DELOMRÅDER .....	40
6.2	KONSEKVENSAR I ANLEGGSPERIODEN .....	41
7	VURDERING ETTER NATURMANGFALDLOVA §§ 8-10.....	42
7.1	§ 8 KUNNSKAPSGRUNNLAGET.....	42
7.2	§ 9 FØRE-VAR-PRINSIPPET .....	42

7.3	§ 10 SAMLA BELASTNING.....	43
8	SKADEREDUSERANDE TILTAK OG OPPFØLGANDE UNDERSØKINGAR.....	47
8.1	UNNGÅ .....	47
8.2	AVBØTANDE TILTAK .....	47
8.3	RESTAURERING .....	47
8.4	ØKOLOGISK KOMPENSASJON .....	48
8.5	FØR- OG ETTERUNDERSØKINGAR.....	48
9	KJELDER.....	49
9.1	SKRIFTLEGE KJELDER.....	49
9.2	MUNNLEGE KJELDER .....	50

# 1 INNLEIING

---

Naturmangfaldlova har som formål å sikre at det biologiske mangfaldet blir tatt vare på gjennom bærekraftig bruk og vern. Lova inneholder fleire viktige prinsipp, bl.a. om at "offentlige beslutningar som berører naturmangfaldet skal så langt det er rimelig byggje på vitskapleg kunnskap om arar sin bestandssituasjon, naturtyper sin utbreiing og økologiske tilstand, samt effekten av påverknadar. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfaldet" (§8).

I samband med reguleringsplanen for Fausadalen hyttefelt er det gjennomført ein konsekvensutgreiing på tema naturmangfald (Langlo 2020). Gjennom planprosessen har det kome merknadar og innspel, spesielt av Sunnmøre Ringmerkingsgruppe, som tyder på at deler av vurderingane ikkje er riktige, då i hovudsak området sin betydning for fugl. Ringmerkingsgruppa, samt Kvitblikkhaugen Vel v/Marie Løvoll, har både før og etter denne dokumentet artsmangfaldet i området (artslistar publisert i Artskart) og gjennom desse innspela meir detaljert skildra korleis artane nyttar området, og satt det i eit regionalt perspektiv. Dei har også kome med direkte merknadar til konsekvensutgreiinga. Kibsgaard-Petersen har derfor engasjert Miljøfaglig Utredning til å imøtekome merknadane til konsekvensutgreiinga. Miljøfaglig Utredning har tolka behovet til å gjelde supplerande konsekvensutgreiing av området sin betydning for fugl, vurdering av landskapsøkologiske funksjonsområder samt vurdering av og samla belastning (§ 10 i nml).


Sidan dette er ein supplerande konsekvensutgreiing, er det dei tre nemnte punkta ovanfor som blir vurdert etter KU-metodikken. Sidan det ikkje er ei fullstendig konsekvensutgreiing, er det heller ikkje gjort samla vurdering av konsekvens for heile tiltaket, berre for kvart delområde kvar for seg i tillegg til vurdering av samla belastning på desse tema. Det er derfor naudsynt å også sjå til den første konsekvensutgreiinga for dei andre registreringskategoriane, som til dels naturtypar, avbørande tiltak mm.

Fausadalen Grunneigarlag er tiltakshavar og initiativtakar for revidering av reguleringsplanen. Blindheim Eiendom AS, som eig ein større teig innanfor området, er også med. Plankonsulent er Kibsgaard-Petersen AS.

## 2 TILTAKET

### 2.1 Formål

Gjeldande reguleringsplan for området er «Reguleringsplan for Nysætervatnet» fra 2006, som gir føringer for utbygging av hyttefeltet og tilhøyrande infrastruktur (til venstre i Figur 1). Det viser seg derimot at ein del interne vegføringer og hytteplasseringar ikkje er gjennomførbare i praksis, derfor mottar kommunen stadig søknadar om dispensasjon. Formålet med den nye reguleringsplanen (til høgre i Figur 1) er å «rydde opp i» gjeldande plan, slik at det ikkje blir naudsynt å söke om dispensasjon for kvar einaste byggesak, samt legge til rette for ein utviding av hyttefeltet. Dette inkluderer både fortetting i eksisterande hyttefelt, i tillegg til nokre nye felt (Kibsgaard-Petersen 2021).




Figur 1 Venstre: Reguleringsplan frå 2006 med stadnamn. Høgre: Nytt plankart frå 2021. Henta frå «Planskildrelse med konsekvensutredning» datert 10.09.2021 (Kibsgaard-Petersen 2021).

### 2.2 Utgreiingsområdet

Utgreiingsområdet består av det definerte planområdet (tiltaksområdet) med influenssone. Kor stor influenssona er kan variere med omsyn på ulike tema. For eksempel vil influenssona vere større med omsyn på fugl og landskapsøkologiske funksjonsområde enn for naturtypar.

I vurdering av fugl, som denne rapporten i hovudsak ter for seg, vil utgreiingsområdet omfatte omkringliggende områder som blir påverka, i tillegg til den direkte utbygginga, sjå Figur 2. For særleg sensitive artar vil det gjerast vurderingar med en radius på opp til 2 km, sidan ein slik omfattande hytteutbygging også vil føre til økt aktivitet i utmark. Det er også naudsynt med ein vurdering av artar som brukar Nysætervatnet og Sætrevatnet, sidan ein må rekne med at hytteutbygginga også vil auke aktiviteten her.



Figur 2 Lilla strek rammer inn utgreiingsområdet. For sensitive artar vil utgreiingsområdet omfatte ein avstand på 2 km utanfor utgreiingsområdet. Det vil i tillegg gjerast ein vurdering av artar knytt til Nysætervatnet, då ein må rekne med at en slik utviding vil føre til auka menneskeleg aktivitet her. For vurdering av samla belastning gjerast ein vurdering av heile området rundt Nysætervatnet.

## 2.3 Alternativ

Det var i første runde berre vurdert eitt alternativ, som i denne rapporten omtalast som al ternativ 1. I slutten av juni 2022, vart det blant anna basert på det som då kom fram, presentert eit alternativ 2. Alternativ 2 vart inkludert i rapporten og vurdert den 28.06.22.

### 2.3.1 Alternativ 1

Alternativ 1 omfattar plankartet til høyre i Figur 1, og der detaljar i endringar frå gjeldande reguleringsplan er merka med blå strek i dei ulike delområda i Figur 4. Planen inneber ein auke på 87 nye tomter, i tillegg til dei 207 som alt er regulert i eksisterande plan. Ut frå denne figuren kan ein sjå at det er snakk om

1. Nokre nye tomter i tilknyting til hyttefeltet i Raudlia, samt utviding og justering av eit større felt vest i Raudlia
2. Justering og utviding av hyttefelt i Raudlihaugen
3. Eit nytt hyttefelt i Stigeligrova
4. Ein utviding av hyttefeltet i Kvitlikhaugen
5. Tre nye hyttefelt i Stiglia, samt utviding med einskilde tomter i tilknyting til eksisterande felt


6. Justering av regulert felt i Nedre Fausalia, samt noko utviding/nye tomter i tilknyting til eksisterande felt.
7. I tillegg ein heilårssti i grus på sørsida av Stigelivatnet og vestover, samt skitrase i tilknyting til denne.

Heilårsstien og skitraseen var ikkje vurdert av Langlo (2020), då den ikkje var med i planane på det tidspunktet. Heilårsstien er no igjen tatt ut av planane, men er likevel tatt omsyn til i rapporten. Deilar av området i Fausalia er tatt ut av planen etter Langlo sin utgreiing, og planane i nedre Fausalia er blitt meir detaljert. Elles er det ingen endringar mellom planen som Langlo vurderte, og den som er blitt vurdert her.

### 2.3.2 Alternativ 2

Plankart for alternativ 2 vart oversendt av oppdragsgjevar den 28.06.22, og er vist i Figur 3. I dette alternativet er det redusert med 22 tomter, samanlikna med alternativ 1. Det inneber ein auke på 65 tomter i tillegg til dei 207 som alt er innanfor godkjent regulerinsplan. Viktige endringar samanlikna med alternativ 1 (sjå bl.a. Figur 2) er ringa inn med raude strekar i kartet. I tillegg er fleire hyttefelt/tomter tatt ut/endra:

- Område A, B, C og F i Figur 14 er tatt ut.
- Område E i Figur 14 er endra.
- Heilårsstien, merka som G i Figur 15 er tatt ut.
- Hyttefeltet i Stigeligrova, merka som H i Figur 15, er tatt ut.
- Hyttefeltet i Raudlihaugen, merka som I i Figur 15, er endra.
- Mindre justeringar av hyttefeltet i Raudlia, merka som K i Figur 15.



Figur 3 Plankart for alternativ 2, datert 16.06.22, oversendt av oppdragsgjevar den 28.06.22.


### **2.3.3 Alternativ 0**

Alternativ 0 betyr at dagens situasjon og trendar vil halde fram, og er eit samanlikningsgrunnlag mot Alternativ 1. Sjølv om eksisterande reguleringsplan i dette alternativet vil gjelde, må ein likevel skildre 0-alternativet som *dagens* tilstand og trendar, før realisering av gjeldande reguleringsplan. Viss ikkje vil ikkje den reelle konsekvensen av planen bli riktig framstilt, særleg med tanke på at det ikkje vart gjort nokon konsekvensutgreiing forut for gjeldande reguleringsplan frå 2006.


Raudlia



Raudlihaugen og Stigeligrova




Kvitblikhaugen



Stigia



Nedre Fausalia og Fausalia øst



Figur 4 Planområdet delt inn i ulike delområde. Blå innramming viser endringar frå gjeldande til ny, foreslått reguleringsplan, med kommentar som forklarar om det gjeld nye tomter/felt, utviding av eksisterande felt eller justeringar innanfor gammal reguleringsplan. Nedst til venstre ser ein heile planen, inkludert ein heilårssti i grus prikka inn med svart, samt skitrasé merka med o-BST1-7 (grøn løype). Bileta er henta frå planprogrammet (Kibsgaard-Petersen 2020).

# 3 METODE

---

## 3.1 Retningslinjer

Det overordna føremålet med konsekvensutgreiingar etter plan- og bygningsloven er i følge §14-1 å; "sikre at omsyn til miljø og samfunn blir tatt i betrakting under forberedelsen av tiltaket eller planen, og når det takast stilling til om, og eventuelt på kva vilkår, tiltaket eller planen kan gjennomførast."

Konsekvensutgreiingar skal utarbeidast etter forskrift om konsekvensutgreiingar som tredde i kraft 1.7.2017. Planarbeidet utløyer konsekvensutgreiing etter § 6, der tiltaket er lista opp som punkt 25 i vedlegg 1 – Nye bolig- og fritidsboligområde som ikkje er i samsvar med overordna plan.

Konsekvensutgreiinga baserar seg på metodikken skildra i Miljødirektoratet sin rettleiar for konsekvensutgreiingar på tema naturmangfald (M-1941) (Miljødirektoratet 2022a).

### 3.1.1 Omfang av rapporten

Det vart gjennomført ein konsekvensutgreiing på tema naturmangfald i 2020 (Langlo 2020). På grunnlag av høringsuttaler ville plankonsulent Kibsgaard-Petersen ha ein gjennomgang av denne naturmangfaldutgreiinga, og det vart etter møte med underteikna vurdert behov for å på ny særleg vurdere:

8. Området sin betydning for fugl, inkludert...
9. ...skildring av landskapsøkologiske funksjonsområder.
10. Ein grundigare skildring av naturmangfaldlova § 8-10, og då først og fremst § 10 om samla belastning.

Formålet med denne rapporten er difor ei nærmare utgreiing av desse deltema, ikkje minst med grunnlag i informasjon og synspunkt som har kome fram i og etter høringsrunden. Formålet er ikkje å gjere ein ny, fullstendig konsekvensutgreiing eller samanstilling av tema naturmangfald.

Metodikken som er nytta Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941. Det er ikkje gjort vurderingar med omsyn på naturtypar, karplanter, sopp og lav, då eksisterande konsekvensutgreiing vurderast som tilfredsstillande på desse punkta.

Rapporten er basert på eksisterande kjelder og eigen kjennskap til området, og det er altså ikkje gjennomført nytt feltarbeid i samband med rapporten. Dette inkluderer også eigen kjennskap til området, sjå m.a. Wangen (2020). Med omsyn til dei detaljerte merknadane og innspela som er kome inn gjennom planprosessen av kunnskapsrike, lokalkjende fugleinteresserte, med særleg fokus på fugl som nyttar området, reknast det derfor ikkje naudsynt med nytt feltarbeid i samband med denne rapporten.

## 3.2 Konsekvensanalyse

Dei generelle delane av dette kapittelet er henta frå handbok V712 (Statens vegvesen 2021), mens dei fagspesifikke delane (om naturmangfald) er henta frå Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941. I tillegg er raudlista og famandartar omtalt.

### Avgrensing av temaet


Naturmangfald definerast etter naturmangfaldlova som biologisk mangfald, landskapsmessig mangfald og geologisk mangfald som ikkje i det alt vesentlige er eit resultat av menneske sin påverknad.

## Hovudprinsipper

Ikkje-prissatt metode i V712 skal sikre ein fagleg, systematisk og heilskapleg analyse av dei konsekvensane eit tiltak vil medføre for dei fem aktuelle fagtema, naturmangfald inkludert. Vurderingane gjerast i tre trinn (Figur 3). Dei to første trinna gjerast for kvat fagtema (konsekvens for delområder og konsekvens for alternativ), mendant i det tredje trinnet vurderast konsekvensen for dei fem fagtema samla.

Tre begrep står sentralt i konsekvensanalysen:

- **Verdi:** Med verdi meinast en vurdering av kor stor betydning eit område har i eit nasjonalt perspektiv.
- **Påverknad:** Med påverknad meinast ein vurdering av korleis det same området påverkast som følgje av eit definert tiltak. Påverknad vurderast i forhold til referansesituasjonen.
- **Konsekvens:** Konsekvens framkjem ved samanstilling av verdi og påverknad etter matrisa i Figur 6 (konsekvensvifta). Konsekvensen er ein vurdering av om eti definert tiltak vil medføre betring eller forringing i eit område.



Figur 5. Dei tre hovudtrinna for vurdering av ikkje-prissatte tema.

## Kunnskapsinnhenting

Planområdet og influensområdet utgjer utgreiingsområdet. Registreringane omfattar heile utgreiingsområdet, men er meir detaljerte innanfor planområdet. Kunnskapsinnhenting omfatter:

1. Gjennomgang av eksisterande kunnskap, herunder aktuelle databaser, planar, fagrapporatar, kontakt med relevante myndigheter, lokalkjende, lokallag av naturfaglige foreiningar m.fl.
2. Innhenting av meir detaljert kunnskap gjennom befaringsarbeid mv.
3. Utarbeiding av registreringskart. Areal som er kartlagt i felt bør dokumenterast på kartet, for eksempel gjennom sporingslogg fra GPS.

## Inndeling i delområder

På grunnlag av innsamla kunnskap deles utredningsområdet inn i delområder. Eit delområde er definert som eit område som har ein enheitlig funksjon, karakter og/eller verdi. Avgrensing av delområder er basert på ein prosess der ein først grovinndeler utgreiingsområdet, deretter justerast avgrensinga, då ofte som ein del av verdivurderinga. Vanlegvis er delområda geografisk avgrensa

områder som ikkje overlappar med kvarandre. I nokon tilfelle kan det vere behov for å avgrense delområder som omfattar ein større heilskap eller samanheng. Slike større delområder kan heilt eller delvis overlappe mindre delområder. Sidan det er ulike aspekt som vurderast, skal kvart delområde (sjølv ved overlapp) alltid konsekvensutgreiast kvar for seg.

### **Registreringskategoriar**

Kartlegging av naturmangfald er knytt til to nivå:

- Landskapsnivå, registreringskategorien landskapsøkologiske funksjonsområder.
- Lokalitetsnivå, inkludert enkeltførekomstar, er delt inn i fire registreringskategoriar, sjå tabell 1.

**Tabell 1.** Registreringskategorier på tema naturmangfald.

Kategori	Sildring
Landskapsøkologiske funksjonsområder	Viktige areal for naturmangfald, bunde saman av områder med naturkvaliteter som legg til rette for vandring/spreiing (økologisk flyt) mellom desse. Landskapsøkologiske funksjonsområde bidreg til bevaring av levedyktige bestandar av artar gjennom flyt av gener/individ mellom leveområder.
Verna natur	Verneområder etter naturmangfaldloava Prioriterte artar og deira økologiske funksjonsområder
Viktige naturtyper	Viktige naturtyper på land, i ferskvatn og marint (jf. handbøker frå Miljødirektoratet om kartlegging av naturtyper og marine typar; handbok 13 og 19) Utvalde naturtyper Naturtyper av nasjonal forvaltningsinteresse, sjå forklaing i tekst
Økologiske funksjonsområder for artar	Områder som oppfyller ein økologisk funksjon for ein art Omfattar områder i ferskvatn, brakkvatn, kystvatn og på land Omfattar areal med viktige økologiske funksjonar som ikkje fangast opp av naturtypenivået
Geostadar	Eit avgrensa område som representerer ein del av vår geologiske arv

Førekomst av raudlisteartar er ofte eit vesentleg kriterium for å verdsette ein lokalitet. Gjeldande norsk raudliste vart lansert i november 2021 (Artsdatabanken 2021). Raudlistekategoriane er vist i Tekstboks 1.

### **Verdivurdering**

På bakgrunn av innsamla data gjerast ein vurdering av verdien til ulike delområder. Alle delområder verdsettast og framstillast på verdikart. Verdien fastsettast på grunnlag av eit sett kriterier som er gjengitt nedanfor. Verdivurderinga skal begrunnast.

#### **Tekstboks 1. Raudlistestatus:**


CR = kritisk truet (Critically Endangered)  
EN = sterkt truet (Endangered)  
VU = sårbar (Vulnerable)  
NT = nær truga (Near Threatened)  
DD = datamangel (Data Deficient)

**Tabell 2.** Kriterier for vurdering av verdi av naturmangfald. Berre aktuelle registreringskategoriar er vist.

Verdikategori	Uten betydning	Noe verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi
Vernet natur				Verneområder (naturmangfaldloven §§ 35-39) med permanent redusert verneverdi. Prioriterte arter i kategori VU og deres ØFO	-Verdensarvområder -Områder vernet etter naturmangfaldloven -Foreslätte verneområder -Utvalgte naturtyper etter naturmangfaldloven § 52

Verdikategori	Uten betydning	Noe verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi
<b>Naturtyper kartlagt etter Miljødirektorats instruks</b>		<ul style="list-style-type: none"> <li>-Naturtyper med sentral økosystemfunksjon med svært lav lokalitetskvalitet</li> <li>-Nær truede naturtyper (NT) med svært lav lokalitetskvalitet</li> <li>Spesielt dårlig kartlagte naturtyper med svært lav lokalitetskvalitet</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Kritisk truede (CR) svært lav lokalitetskvalitet</li> <li>-Sterkt truede (EN) svært lav lokalitetskvalitet</li> <li>-Sårbare naturtyper (VU) svært lav lokalitetskvalitet</li> <li>-Naturtyper med sentral økosystemfunksjon med lav lokalitetskvalitet</li> <li>-Nær truede naturtyper (NT) med lav og moderat lokalitetskvalitet</li> <li>-Spesielt dårlig kartlagte naturtyper med lav og moderat lokalitetskvalitet</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Kritisk truede (CR) Lav lokalitetskvalitet</li> <li>-Sterkt truede (EN) lav eller moderat lokalitetskvalitet</li> <li>-Sårbare naturtyper (VU) lav, moderat eller høy lokalitetskvalitet</li> <li>-Naturtyper med sentral økosystemfunksjon moderat og høy lokalitetskvalitet</li> <li>-Nær truede naturtyper (NT) med høy og svært høy lokalitetskvalitet</li> <li>-Spesielt dårlig kartlagte naturtyper høy og svært høy lokalitetskvalitet</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Kritisk truede (CR) moderat, høy eller svært høy lokalitetskvalitet</li> <li>-Sterkt truede (EN) høy eller svært høy lokalitetskvalitet</li> <li>-Sårbare naturtyper (VU) svært høy lokalitetskvalitet</li> <li>-Naturtyper med sentral økosystemfunksjon og svært høy lokalitetskvalitet</li> </ul>
<b>Naturtyper kartlagt etter håndbok 13</b>		<ul style="list-style-type: none"> <li>-C-lokaliteter av naturtyper kartlagt etter DN-HB13</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Nær truede naturtyper (NT) med B- og C-verdi</li> <li>-B-lokaliteter av naturtyper kartlagt etter DN-HB13</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Sterkt (EN) og kritisk truede (CR) naturtyper med C-verdi</li> <li>-Sårbare naturtyper (VU) med B- og C-verdi</li> <li>-A-lokaliteter av naturtyper kartlagt etter DN-HB13, inkl. nær truede naturtyper (NT)</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Sterkt (EN) og kritisk truede (CR) naturtyper med A- og B-verdi</li> <li>- Sårbare naturtyper (VU) med A-verdi</li> </ul>
<b>Arter inkludert økologiske funksjonsområde</b>		<ul style="list-style-type: none"> <li>-Vanlige arter og deres funksjonsområder</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Nær trua (NT) arter og deres funksjonsområde</li> <li>-Funksjonsområder for spesielt hensynskrevende arter</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Sårbare (VU) arter og deres funksjonsområder</li> <li>-Spesielle økologiske former av arter (16u nett16rike fisk da disse fanges opp i NVE 49/2013))</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Fredeade arter</li> <li>-Prioriterte arter (med eventuelt forskriftsfestet funksjonsområde)</li> <li>-Sterkt truet (EN) og kritisk truet (CR) arter og deres funksjonsområde</li> </ul>
<b>Landskaps-økologiske funksjonsområder</b>		<ul style="list-style-type: none"> <li>Områder med mulig landskapsøkologisk funksjon. Små (lokalt viktige) vilt- og fugletrekk.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Områder med lokal eller regional landskapsøkologisk funksjon.</li> <li>Vilt- og fugletrekk som er viktig på lokalt/ regionalt nivå.</li> <li>Områder med mulig betydning i sammenbinding av dokumenterte funksjonsområder for arter.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Områder med regional til nasjonal landskapsøkologisk funksjon.</li> <li>Vilt- og fugletrekk som er viktig på regionalt/ nasjonalt nivå.</li> <li>Områder som med stor grad av sikkerhet bidrar til sammenbinding av dokumenterte funksjonsområder for arter.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Områder med nasjonal, landskapsøkologisk funksjon.</li> <li>Særlig store og nasjonalt/internasjonalt viktige vilt- og fugletrekk.</li> <li>Områder som med stor grad av sikkerhet bidrar til sammenbinding av verneområder</li> <li>eller dokumenterte funksjonsområder for arter med stor eller svært stor verdi.</li> </ul>

Verdivurderingane for kvart delområde blir angitt på ein glidande, femdelt skala frå utan betydning til svært stor verdi. Vurderinga skal visast på ein figur der verdien markerast med ei pil:




Figur 6. Skala for vurdering av verdi. Skalaen er glidande og markøren flyttast for å nyansere verdivurderinga.

### Vurdering av påverknad

påverknad er eit uttrykk for endringar som tiltaket vil medføre på det berørte delområdet. Vurderingar av påverknad relaterast til den ferdig etablerte situasjonen og påverknaden målast mot referansesituasjonen (0-alternativet). Det er kun område som vert varig påverkna som vurderast. Alle tiltak som inngår i investeringskostnadane leggast til grunn ved vurdering av påverknad. Dette gjeld for eksempel også avlasta veg og deponiområder. Potensielle framtidige påverknadar, som følgje av andre/framtidige planar, inngår ikkje i vurderinga.

Skalaen for påverknad er inndelt i fem trinn og går frå sterkt forringa til forbetra. Skalaen utgjer y-aksen i konsekvensvifta. Dersom tiltaket ikkje påverkar verdiane i nevneverdig grad, karakteriserast påverknaden av delområdet som «ubetydelig». Graden av påverknad må grunngjenvast i kvart enkelt tilfelle.



Figur 7. Skala for vurdering av påverknad.

Påverknad av naturmangfaldverdiar handlar om at biologiske funksjonar forringast (sjeldnare at dei forbetrast), eventuelt at samanhengar helit eller delvis brytast (sjeldnare at dei styrkast). Dei vanlegaste påverknadsfaktorane på naturmangfald frå veg er arealbeslag, opprettning av barrierer, fragmentering av leveområder, kanteffekter inn i naturområder og forureining av vatn og grunn. Det finnast også andre påverknadsfaktorar som kan vere viktig i enkelte prosjekt, for eksempel endra hydrologi, spreiling av uønska artar, kunstig belysning mv.

Tabell 3. Rettleiing for påverknad på naturmangfald. Prosentangivelsar er rettleiande; påverknaden i det enkelte tilfelle må vurderast ut frå kvalitet, omfang og type inngrep.

Påverknad	Økologiske og landskapsøkologiske funksjonsområder for arter	Viktige naturtyper og geosteder	Verneområder
Sterkt forringet	<ul style="list-style-type: none"> <li>Splitter opp og/eller forringar arealer slik at funksjoner brytes.</li> <li>Blokkerer trekk/vandring hvor det ikke er alternativer.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Berører hele eller størstedelen (over 50 %).</li> <li>Berører mindre enn 50 % av areal, men den viktigste (mest verdifulle) delen ødelegges.</li> <li>Restareal mister sine økologiske kvaliteter og/eller funksjoner.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Påverknad som forringar viktige økologiske funksjoner og er i strid med verneformålet.</li> </ul>
<b>Generelt:</b> Varig forringelse av høy alvorlighetsgrad. Eventuelt med lang/svært lang restaureringstid (>25 år).			
Forringet	<ul style="list-style-type: none"> <li>Splitter opp og/eller forringar arealer slik at funksjoner reduseres.</li> <li>Svekker trekk/vandringsmulighet, eventuelt blokkerer trekk/</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Berører 20–50 % av lokalitet, men liten forringelse av restareal. Ikke forringelse av viktigste del av lokalitet.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Mindre påverknad som berører liten/ubetydelig del og ikke er i strid med verneformålet.</li> </ul>

	vandringsmulighet der alternativer finnes.		
	<b>Generelt:</b> Varig forringelse av middels alvorligheitsgrad, eventuelt mer alvorlig miljøskade med middels restaureringstid (>10 år).		
<b>Noe forringet</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Splitter sammenhenger/reduerer funksjoner, men vesentlige funksjoner opprettholdes i stor grad.</li> <li>• Mindre alvorlig svekking av trekk/vandringsmulighet og flere alternative trekk finnes.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Berører en mindre viktig del som samtidig utgjør mindre enn 20 % av lokaliteten.</li> <li>• Liten forringelse av restarealet.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ubetydelig påverknad. Ikke direkte arealinnngrep.</li> </ul>
	<b>Generelt:</b> Varig forringelse av mindre alvorlig art, eventuelt mer alvorlig miljøskade med kort restaureringstid (1-10 år)		
<b>Ubetydelig endring</b>	Ingen eller uvesentlig virkning på kort eller lang sikt		
<b>Forbedret</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjenopprettar eller skaper nye trekk/vandringsmuligheter mellom leveområder/biotoper (også vassdrag).</li> <li>• Viktige biologiske funksjoner styrkes.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bedrer tilstanden ved at eksisterende inngrep tilbakeføres til opprinnelig natur.</li> <li>• Gjør en geotop tilgjengelig for forskning og undervisning.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bedrer tilstanden ved at eksisterende inngrep tilbakeføres til opprinnelig natur.</li> </ul>

Direkte virkningar omfattar tap av naturmangfold gjennom tap av verdifullt areal. Ofte er det hensiktsmessig å skildre arealtap både som tall daa berørt og som del av delområdet. I tillegg vurderast kor viktig den berørte delen er for heilskapen og dermed kva økologiske funksjonar som forventast oppretthaldt i restarealet. Dersom restarealet er lite, eventuelt er splitta opp i mange små fragmenter, taper delområdet truleg mykje av sin funksjon.

Areal med betydning for naturmangfold som blir tatt i bruk i anleggsfasen kan normalt ikkje tilbakeførast til noko nær økologisk før-tilstand. Dei må derfor som regel behandlast som ein del av den permanente påverknaden for naturmangfaldtemaet.

Forskrift om framande organismar (FOR-2015-06-19-716) skal hindre spreiling av framande organismar som medfører, eller kan medføre, uheldige følger for naturmangfaldet. Vurdering av slik spreiling kan vere viktig i enkelte konsekvensutgreiingar, for eksempel der ein veg kan bidra som spreiningskorridor. Risiko ved spreiling av framande arter må vurderast med utgangspunkt i arten sin økologiske risiko, spreingspotensial og veksestad/omgivnadar. Relevansen for vurderingar knytt til spreiling av framande arter aukar med detaljeringsgraden på planarbeidet. Statens vegvesens rapport nr. 387 (Statens vegvesen 2016) gir eit godt fagleg grunnlag for å vurdere kva omsyn som skal ta-kast i ulike typar planarbeid.

Berre artar i dei tre strengaste kategoriene for økologisk risiko (PH, SE og HI) er vektlagt i konsekvensutgreiinga.

#### Tekstboks 2. Svartelistestatus:

NK = ingen kjent risiko (No known impact)

LO = lav risiko (Low impact)

PH = potensiell høy risiko (Potentially high impact)


HI = høy risiko (High impact)

#### Konsekvens for delområde

Konsekvensgraden for kvart delområde framkommer ved å sammenstille vurderingane av verdi og påverknad. Dette gjerast etter konsekvensvifta i Figur 6. I denne matrisen utgjør verdiskalaen x-aksen, og vurdering av påverknad finnes på y-aksen. Skalaen for konsekvens går fra 4 minus til 4 pluss. De negative konsekvensgradene er knyttet til en verdiforringsleie av et delområde, mens de positive konsekvensgradene forutsetter en verdiøkning etter at tiltaket er realisert. I henhold til konsekvensvifta er det kun mulig å oppnå de mest negative konsekvensgradene for områder med stor og svært stor verdi. Tilsvarende vil de mest positive konsekvensene hovedsakelig vere forbeholdt store forbedringer i områder i verdiklassene ubetydelig verdi eller noe verdi.

**Tabell 4.** Skala og veiledning for konsekvensvurdering av delområder.

Skala	Konsekvensgrad	Forklaring
----	4 minus (- - -)	Den mest alvorlige miljøskaden som kan oppnås for delområdet. Gjelder kun for delområder med stor eller svært stor verdi.
- -	3 minus (- -)	Alvorlig miljøskade for delområdet.
- -	2 minus (- -)	Betydelig miljøskade for delområdet.
-	1 minus (-)	Noe miljøskade for delområdet.
0	Ingen/ubetydelig (0)	Ubetydelig miljøskade for delområdet.
+ / ++	1 pluss (+) 2 pluss (++)	Miljøgevinst for delområdet: Noe forbedring (+), betydelig miljøforbedring (++)
+++ / +++++	2 pluss (+++) 4 pluss (++++)	Benyttes i hovedsak der delområder med ubetydelig eller noe verdi får en svært stor verdiøkning som følge av tiltaket.



**Figur 8.** Konsekvensvifte. Skalaene for verdi og påverknad utgjør henholdsvis x-akse og y-akse i figuren. Kilde: Håndbok V712.

Avlest konsekvensgrad vil ikke alltid speile reell skade og kan i noen tilfeller kreve overstyring. For naturmangfold kan overstyring av avlest konsekvensgrad vere aktuelt for eksempel der særlig små forekomster gir et urimelig høyt bidrag til total konsekvens for alternativet. Før konsekvens eventuelt overstyres må det tas en grundig vurdering av forekomstens verdi for artsmangfold, avstanden til andre liknende forekomster mv.

Alle konsekvensvurderinger av delområder begrunnes.

#### **Konsekvens for alternativer**

Etter at konsekvensen for kvart delområde er utgreia, gjerast en samla konsekvensvurdering av kvart utbyggingsalternativ, først for delstrekningane og så for alternativa. Skala og kriterier framkjem av tabell 4.5. Den samla vurderinga kan vekte delområder ulikt. I slike tilfelle vil dette kome fram i denne vurderinga. Beslutningsrelevant usikkerhet skildres også.

Den samla konsekvensen for kvart alternativ må vurderast ut frå kunnskap om kva som berørast. Samla konsekvensgrad grunngjenvast slik at det kjem tydelig fram kva som er utslagsgivande.

Under avveining skal det framgå hva som har vært utslagsgivende for den samlet vurderinga. Eksempelvis kan det vere vurderinger knyttet til om noen delområder er tillagt spesiell vekt, om noen delområder er tillagt liten vekt eller om den samlede konsekvensvurderinga er justert opp eller ned, for eksempel på grunn av sumvirkninger. Alternativene rangeres for å tydeliggjøre hvilke alternativer som utreder mener er best og dårligst. Det beste alternativet rangeres som nummer 1. Alternativer som vurderes å vere likeverdige får lik rang. Rangeringen begrunnes. Dersom det for eksempel skiller svært lite i samlet vurdering mellom to alternativer (for eksempel rang 1 og 2) må dette framgå her. Det samme gjelder for alternativer med viktige forskjeller. Eventuelle skaderedusrende tiltak kan skildres også her, men inngår ikke i konsekvensvurderinga.

**Tabell 5.** Kriterier for fastsettelse av konsekvens for kvart alternativ.

Skala	Kriterier for fastsettelse av konsekvens for kvart alternativ
<b>Kritisk negativ konsekvens</b>	Svært stor miljøskade for temaet, gjerne i form av store samlede virkninger. Stor andel av strekning har særlig høy konfliktrad. Vanligvis flere delområder med konsekvensgrad 4 minus (- - -). Brukes unntaksvis.
<b>Svært stor negativ konsekvens</b>	Stor miljøskade for temaet, gjerne i form av store samlede virkninger. Vanligvis har stor andel av strekningen høy konfliktrad. Det finnes delområder med konsekvensgrad 4 minus (- - -), og typisk vil det vere flere/mange områder med tre minus (- - ).
<b>Stor negativ konsekvens</b>	Flere alvorlige konfliktpunkter for temaet. Typisk vil flere delområder ha konsekvensgrad 3 minus (- - ).
<b>Middels negativ konsekvens</b>	Delområder med konsekvensgrad 2 minus (- -) dominerer. Høyere konsekvensgrader forekommer ikke eller er underordnede.
<b>Noe negativ konsekvens</b>	Liten andel av strekning med konflikter. Delområder har lave konsekvensgrader, typisk vil konsekvensgrad 1 minus (-), dominere. Høyere konsekvensgrader forekommer ikke eller er underordnede.
<b>Ubetydelig konsekvens</b>	Alternativet vil ikke medføre vesentlig endring fra referansesituasjonen (referansealternativet). Det er få konflikter og ingen konflikter med høye konsekvensgrader.
<b>Positiv konsekvens</b>	I sum er alternativet en forbedring for temaet. Delområder med positiv konsekvensgrad finnes. 20u nett eller få delområder med lave negative konsekvensgrader, og disse oppveies klart av delområder med positiv konsekvensgrad.
<b>Stor positiv konsekvens</b>	Stor forbedring for temaet. Mange eller særlig store/viktige delområder med positiv konsekvensgrad. 20u nett eller få delområder med lave negative konsekvensgrader, og disse oppveies klart av delområder med positiv konsekvensgrad.

### ***Samla belastning***

Samla konsekvensar inngår som del av rettleiinga for dei ulike konsekvensnivåa, jf. Tabell 4. KU-forskrifta krev at samla virkningar av planen eller tiltaket sett i lys av allereie gjennomførte, vedtatte eller godkjente planer eller tiltak i influensområde også skal vurderast. Naturmangfaldlova sin § 10 set spesifikke krav om å vurdere dette på økosystemnivå. «Ein påverknad av et økosystem skal vurderast ut frå den samla belastning som økosystemet er eller vil bli utsatt for», sjå også rettleiar til naturmangfaldlova kapittel II – kapittel 7 med sjekkliste. Dette inneber at ulike typar tiltak og påverknadsfaktorar må sjåast i samanheng.

Vurdering av samla belastning skildrast og leggast til konsekvensvurderinga for alternativet. Vurderinga etter naturmangfaldlovens § 10 kan føre til at omsynet til naturmangfaldet veg tyngre enn det ville ha gjort ved ein vurdering av § 8 ålene. Dette fordi konsekvensane for naturmangfald kan vere større når en ser den samla belastninga på natur enn når en ser effekten frå berre tiltaket.

### ***Anleggsperioden***

Midlertidig skade i anleggsperioden omtalast. Anleggsstøy og ferdsel er negative faktorar knytt til anleggsperioden. Permanente skader som oppstår i anleggsperioden, for eksempel arealbeslag i viktige naturtypar, må inngå i vurderinga av påverknad for delområda.

### **Uvisse**


En konsekvensanalyse skal gi ein vurdering av forhold i framtida. Det vil alltid vere knytt uvisse til slike vurderinger. Det skilles her mellom generell uvisse om framtida og uvisse som kan knyttast til vurderingar av eitt eller fleire alternativ. Beslutningsrelevant uvisse må synliggjerast, spesielt der som dette kan ha betydning for rangering mellom alternativ.

Uvisse i vurderinga kan vere påverka av planen sin detaljeringsgrad eller detaljeringsgraden på dei alternative tiltaka som skal utgreia. Dess mindre detaljert eit tiltak er definert og dess meir komplekst det er, dess større uvisse er knytt til vurderingane av dette.

### **Skadereduserende tiltak**

KU-forskrifta set krav til korleis forebyggje skadeverknadar av eit tiltak. Jf. § 23 skal KU «skildre dei tiltaka som er planlagt for å unngå, begrense, istandsette og dersom mogleg kompensere for vesentlige skadeverknadar for miljø og samfunn både i bygge- og driftsfasen». Tiltaka som skal skildrast etter forskrifta kan delast i to grupper:

1. Skadereduserande tiltak (tilpassingar) som er lagt inn som ein forutsetning i og kostnadsberegna som ein del av utgreiingsgrunnlaget for konsekvensutgreiinga.
2. Skadereduserande tiltak som utgreiar kan føreslå i tillegg til tiltaka i 1, og som kan bidra til å minimere/redusere ytterlegare negative verknadar av eit prosjekt (eventuelt gjere det endå betre). Desse tiltaka inngår ikkje i sjølve konsekvensvurderinga, men det redigerast for korleis dei vil kunne endre konsekvensen for det aktuelle delområdet. Det angis eit kostnadsestimat for dei tiltaka som blir føreslått.



**Figur 9.** Illustrasjon av tiltakshierarkiet som skal sikre at negative konsekvensar først og fremst blir unngått, deretter avbøtast, restaurerast og som siste utvei kompenserast (frå Meld. St. 14 (2015-2016) Natur for livet).

# 4 RESULTAT

---

Denne rapporten tek i all hovudsak føre seg kunnskap om fugl, samt landskapsøkologiske funksjonsområder, og det visast derfor til konsekvensutgreiinga frå 2020 (Langlo 2020) for samanstilling av kunnskap om naturtypar og andre artar.

## 4.1 Naturgrunnlaget

Utgreiingsområdet består i stor grad av opne myreal glissent tresett med furu, bjørk og andre lauvtre. Enkelte stadar er preget av glissent tresette overgangsformer mellom fastmark og våtmark, i tillegg til enkelte parti med fastmarksskogsmark. Stigelivatnet ligg midt i området. På nordsida finnast innslag av nedbørsmyr (men ikkje stort nok til å registrerast etter Miljødirektoratet sin instruks), medan sørsida i stor grad er fattig. Vidare vestover er myra også i stor grad fattig, men det er også hyppig innslag av rikare myr, også svakt kalkrik myr med bl.a. bjørnebrodd, raudmakkose og stadvis breimyrull. Ingen stadar er derimot den kalkrike myra rik nok og samanhengande nok til å bli avgrensa etter Miljødirektoratet sin instruks. Skråninga frå Stigelivatnet ned mot Fausaelva er stort sett fattige overgangsformer mellom fastmark og våtmark, medan myrflata sør for Fausaelva har innslag av intermediær til rik myr med bl.a. breiull. I skråningane ned mot Nysætervatnet og sør aust for Stigelivatnet er spedt hyttebebygging, det same gjelder på Raudlihaugen, ved Raudlia, og aust for Stigelivatnet.

## 4.2 Kunnskapsinhenting

Artskart er ein av dei viktigaste kjeldene til artsinformasjon, men er framleis mangefull med tanke på at det vanlegvis ikkje kjem frem aktivitet, tal individ og varighet/hyppigkeit. Eit artsfunn kan derfor både gjelde eitt streifande individ, eller fleire individ som brukar området fast eller sporadisk til hekking, rasteområde eller næringssøk, over kort eller lang periode. For å få eit betre bilde av området sin betydning for fugl, er det derfor også viktig å innhente kunnskap frå lokale ressurspersonar. Feltarbeid kan gi mykje nyttig informasjon, men er avgrensa til eit utsnitt av artsmangfaldet på det gitte tidspunktet, kontra ein meir kontinuerleg og heilskapleg bilet som lokale ressurspersonar somme gongar kan gi. Av denne grunn, og fordi det i dette tilfellet finnast god informasjon om fuglelivet i utgreiingsområdet, er det ikkje gjort nytt feltarbeid i samband med denne rapporten.

Særleg viktig i denne saka er den informasjonen som har kome frem gjennom merknadar og innspel gjennom planprosessen frå Kvitblikkhagen Vel og Sunnmøre Ringmerkingsgruppe, som Marie Løvoll og Kjell Mork Soot har forfatta. Dokumenta vitnar om omfattande kunnskap om fuglelivet i regionen inkludert status (framgang/tilbakegang/tålegrenser). Marie Løvoll har i tillegg lokal kunnskap om fuglelivet ved Stigelivatnet og nærområda rundt, som følgje av at ho har hytte på Kvitblikkhagen. Dei omfattande dokumenta som desse har forfatta er derfor den viktigaste kjelda for denne rapporten. Desse dokumenta er lista opp under:

1. Merknader til detaljregulering av hyttefelt Fausadalen, datert 20.03.2019 (Kvitblikkhagen Vel 2019a). Tre vedlegg (Artsliste, fotodokumentasjon og forslag til oppdaterte reguleringsføresegner. Artslista er seinare supplert, sjå Sunnmøre Ringmerkingsgruppe (2021)
2. Innspel til detaljregulering av hyttefelt Fausadalen, datert 27.04.2019. (Kvitblikkhagen Vel 2019b).
3. Botanisk kartlegging ved Stigelivatnet 18.05.2019 (Busengdal 2019).
4. Merknader frå Sunnmøre Ringmerkingsgruppe ang hyttebygging rundt Stigelivatnet og nærmiljøet elles. Datert 22.06.2019 (Sunnmøre Ringmerkingsgruppe 2019).

5. Kommentarar til konsekvensutgreiing – vurdering etter Naturmangfaldlova §§ 8-10, sak 21/2865, datert 11. mai 2021. 1 vedlegg – oppdatert artsliste (Sunnmøre Ringmerkingsgruppe 2021).
6. Merknader til detaljregulering for Fausadalen hyttefelt, datert 31. januar 2022. 5 vedlegg (kilde nr 4 over, kilde nr. 5 over, kilde nr. 3 over, oppdatert artsliste som i kilde 5, og utvalgte artsbilder som i kilde 1) (Sunnmøre Ringmerkingsgruppe 2022).


I tillegg kjenner konsulent til området då ho gjennomførte NiN-kartlegginga i området på oppdrag for Miljødirektoratet i 2020. I tillegg har ho gjennomført ein konsekvensutgreiing på tema naturmangfald for Fjellsetra hyttefelt på Sykkylven-sida (Wangen 2020), og har i samband med denne blant anna gjort vurderingar av samla belastning og landskapsøkologiske funksjonsområder som er relevant også i denne saka.

## 4.3 Fugleartar

I Artskart (Artsdatabanken 2022) er det gjort 1048 fugleregistreringer innanfor utgreiingsområdet, der 124 registreringar er av 11 raudlistearter, i tillegg til 1 registrering av brunsisik (feeding) med ukjent status (sjå Figur 7 for utsnitt).

Dei fleste av desse er tilknytt lokaliteten Stigelivatnet, Stranda (den største raude sirkelen aust for Stigelivatnet i figuren, med 300 m radius, som famnar ned til Nysættervatnet). Denne lokaliteten er oppretta og brukt av Marie Løvoll og Kjell Mork Soot, og er den som er brukt til innlegging av deira observasjonar. Dei har sidan 2016 gjort målretta artregistreringar av fugl i området. Ein oppdatert artsliste vart sendt inn seinast i januar 2022 (Sunnmøre Ringmerkingsgruppe 2022). Det har ikkje lykkast å finne denne, men det er antatt at den er rimeleg lik den som vart sendt inn i 2021 (Sunnmøre Ringmerkingsgruppe 2021). Tabell 7 viser ein samanstilling av alle artar som er registrert i Artskart og som er lista opp i den omtalte artslista. I artslista låg ikke 5 artar som ikkje låg inne i Artskart (blåstrupe, dvergfalk, gluttsnipe, kvartbekkas og hønsehauk), og i Artskart låg ikke 2 artar som ikkje låg i artslista (gråsporv og kjernebitar). Tabell 7 inneheld til saman 96 artar, der 14 er på raudlista for artar: gjøk, gråsporv, heilo, konglebit, raudstilk, stare, taksvale og tårnseglar med status nær truga (NT), fiskemåke, granmeis (VU), grønfink (VU), hønsehauk og jaktfalk med status sårbar (VU) og storspove med status sterkt truga (EN). Hubro (EN) heldt tidlegare til i Fausadalen (urpresist), og det ryktast at den framleis er der, men dette er ikkje bekrefta i nyare tid, til tross for at det vart brukt lyttebokser der for eit par år sidan (Oddvar Olsen pers. medd. 21.04.2022). Elleve av artene er norske ansvarsarter, som vil sei at  $\geq 25\%$  av den europeiske bestanden er i Noreg. Det gjeld bergirisk, bjørkefink, blåstrupe, dvergfalk, fjellvåk, grårost, havørn, heilo, heipiplerke, jaktfalk og lirype. Av artar som etter Miljødirektoratet sin KU-rettleiar er spesielt omsynskrevjande, er kvitryggspett, dvergspett, vandrefalk, gråspett og kongeørn. I tillegg er fleire av artene sensitive for menneskeleg forstyrring.

Det ligg eit kjent kongeørnreir ned mot Storfjorden, men dette er antakeleg ikkje i bruk lenger, opplyser Oddvar Olsen, som har kjørt forbi med båt for nokre år sidan og kikka etter reiret.



**Tabell 6.** Registrerte førekomstar av fugl i utgreiingsområdet.

Tabell 7 Alle arter registrert i utgreiingsområdet, ein samanstilling av Artskart og artslista til Sunnmøre ringmerkingsgruppe (2021). Raudlista artar er merka med raud skrift. Raudlistestatus er: LC=livskraftig, NT=nær truga, VU=sårbar, EN=sterkt truga, CR=kritisk truga. Norske ansvarsartar (der  $\geq 25\%$  av den europeiske bestanden er i Noreg) er merka med \*

Norsk namn	Vitenskapeleg namn	raudlistestatus
*bergirisk	<i>Linaria flavirostris</i>	LC
*bjørkefink	<i>Fringilla montifringilla</i>	LC
blåmeis	<i>Cyanistes caeruleus</i>	LC
*blåstrupe	<i>Luscinia svecica</i>	LC
bokfink	<i>Fringilla coelebs</i>	LC
brunnakke	<i>Mareca penelope</i>	LC
brunsisik	<i>Acanthis cabaret</i>	Ukjent
buskskvert	<i>Saxicola rubetra</i>	LC
dompap	<i>Pyrrhula pyrrhula</i>	LC
*dvergfalk	<i>Falco columbarius</i>	LC
dvergspett	<i>Dryobates minor</i>	LC
enkeltbekkasin	<i>Gallinago gallinago</i>	LC
fiskemåse	<i>Larus canus</i>	VU
*fjellvåk	<i>Buteo lagopus</i>	LC
flaggspett	<i>Dendrocopos major</i>	LC
fossekall	<i>Cinclus cinclus</i>	LC
fuglekonge	<i>Regulus regulus</i>	LC

Norsk namn	Vitenskapeleg namn	raudlistestatus
gauk	<i>Cuculus canorus</i>	NT
gjerdesmett	<i>Troglodytes troglodytes</i>	LC
gluttsnipe	<i>Tringa nebularia</i>	LC
granmeis	<i>Poecile montanus</i>	VU
gransongar	<i>Phylloscopus collybita</i>	LC
grønfink	<i>Chloris chloris</i>	VU
grønsik	<i>Spinus spinus</i>	LC
grønspett	<i>Picus viridis</i>	LC
gråfluesnappar	<i>Muscicapa striata</i>	LC
grågås	<i>Anser anser</i>	LC
gråhegre	<i>Ardea cinerea</i>	LC
gråsisik	<i>Acanthis flammea</i>	LC
gråspett	<i>Picus canus</i>	LC
gråsporv	<i>Passer domesticus</i>	NT
*gråtrost	<i>Turdus pilaris</i>	LC
hagesongar	<i>Sylvia borin</i>	LC
haukugle	<i>Surnia ulula</i>	LC
*havørn	<i>Haliaeetus albicilla</i>	LC
*heilo	<i>Pluvialis apricaria</i>	NT
*heipiplerke	<i>Anthus pratensis</i>	LC
hønsehauk	<i>Accipiter gentilis</i>	VU
*jaktfalk	<i>Falco rusticolus</i>	VU
jernsporv	<i>Prunella modularis</i>	LC
kattugle	<i>Strix aluco</i>	LC
kjernebiter	<i>Coccothraustes coccothraustes</i>	LC
kjøtmeis	<i>Parus major</i>	LC
kongeørn	<i>Aquila chrysaetos</i>	LC
konglebit	<i>Pinicola enucleator</i>	NT
krikkand	<i>Anas crecca</i>	LC
kråke	<i>Corvus cornix</i>	LC
kvartbekkasin	<i>Lymnocryptes minimus</i>	LC
kvinand	<i>Bucephala clangula</i>	LC
kvitryggspett	<i>Dendrocopos leucotos</i>	LC
lauvsongar	<i>Phylloscopus trochilus</i>	LC
linerle	<i>Motacilla alba</i>	LC
*lirype	<i>Lagopus lagopus</i>	LC
låvesvale	<i>Hirundo rustica</i>	LC
munk	<i>Sylvia atricapilla</i>	LC
måltrost	<i>Turdus philomelos</i>	LC
nøtteskrike	<i>Garrulus glandarius</i>	LC

Norsk namn	Vitenskapeleg namn	raudlistestatus
orrfugl	<i>Lyrurus tetrix</i>	LC
polarsisik	<i>Acanthis hornemannii</i>	LC
ramn	<i>Corvus corax</i>	LC
ringtrast	<i>Turdus torquatus</i>	LC
rugde	<i>Scolopax rusticola</i>	LC
raudstilk	<i>Tringa totanus</i>	NT
raudstjert	<i>Phoenicurus phoenicurus</i>	LC
raudstrupe	<i>Erithacus rubecula</i>	LC
raudvingetrast	<i>Turdus iliacus</i>	LC
sidensvans	<i>Bombycilla garrulus</i>	LC
siland	<i>Mergus serrator</i>	LC
sivsongar	<i>Acrocephalus schoenobaenus</i>	LC
sivsporv	<i>Emberiza schoeniclus</i>	LC
skjor	<i>Pica pica</i>	LC
smålom	<i>Gavia stellata</i>	LC
songsvane	<i>Cygnus cygnus</i>	LC
spettmeis	<i>Sitta europaea</i>	LC
sporvehauk	<i>Accipiter nisus</i>	LC
stare	<i>Sturnus vulgaris</i>	NT
steinskvett	<i>Oenanthe oenanthe</i>	LC
stillits	<i>Carduelis carduelis</i>	LC
stjertmeis	<i>Aegithalos caudatus</i>	LC
stokkand	<i>Anas platyrhynchos</i>	LC
storlom	<i>Gavia arctica</i>	LC
storspove	<i>Numenius arquata</i>	EN
strandsnipe	<i>Actitis hypoleucos</i>	LC
svartkvit flugesnappar	<i>Ficedula hypoleuca</i>	LC
svartmeis	<i>Periparus ater</i>	LC
svarttrast	<i>Turdus merula</i>	LC
taksvale	<i>Delichon urbicum</i>	NT
toppand	<i>Aythya fuligula</i>	LC
toppmeis	<i>Lophophanes cristatus</i>	LC
trane	<i>Grus grus</i>	LC
trekrypar	<i>Certhia familiaris</i>	LC
trepiplerke	<i>Anthus trivialis</i>	LC
tårfalk	<i>Falco tinnunculus</i>	LC
tårnseglar	<i>Apus apus</i>	NT
varslar	<i>Lanius excubitor</i>	LC
vendehals	<i>Jynx torquilla</i>	LC

## 4.4 Området sin betydning for fugl

Sunnmøre Ringmerkingsgruppe (2019) oppsummerar kva artar som brukar området, og på kva måte, og har sett det inn i eit regionalt og nasjonalt perspektiv. All informasjon om fuglelivet i området som ligg i dette dokumentet, med tilhøyrande vurderingar av status og kor sårbare dei er antatt å vere for ulike tiltak, er limit ordrett inn under, mens introduksjonen er tatt bort. I tillegg er teksten her supplert med informasjon som kjem frem gjennom dei andre kjeldene nemnt i kapittel 4.2 (sjå raud skrift), og slik det ligg her blir det derfor ein samla oppsummering av kjent kunnskap om fuglelivet i området.

---

### STIGELIVATNET

Begge lomartane, **storlom** og **smålom**, brukar dette som rasteplass og furasjeringsområde. Desse to artane slit veldig rundt om i landet pga. Aukande ferdsel med båt og fotturistar langs strandlinja, garnfiske som fører til drukningsdød, og hytter som blir bygde like ved. Garnfiske bør ikkje tillatast i Stigelivatnet, i alle fall ikkje før ut i september, for garnfiske er ein av dei største truslane for begge artane. **Eit smålompar nytta vatnet til dagleg næringssøk i 2017 og 2018. Vi vil gjere merksam på at dette er det einaste smålomparet som er registrert i Stranda kommune desse åra (Kvitblikkhaugen 2019a).**

**Trane:** Opptil seks individ er sett på ein gong. Denne arten treng store, rolege område for å kunne trivast og kunne etablere seg. Arten er for tida i framgang over heile landet, mest sannsynleg pga. Jaktforbod i m.a. Spania, og området her kan etter kvart vise seg bli aktuelt som eit viktig oppvekstområde for traneungar.

**Ender:** Endene treng rolege vatn/våtmarker der dei kan hekke, raste og finne mat. Dette området har hittil vore ein slik lokalitet. Med auka aktivitet/hyttebygging i området kan desse artane misse ein viktig opphaldsplass som kan vere avgjerande i visse periodar, både i trekktid og hekketid. Artar konstatert hittil: **Stokkand, krikkand, brunnakke, toppand, kvinand, siland, laksand. Stokkand og krikkand hekka i 2018, og songsvane dukkar også opp på trekk (Kvitblikkhaugen Vel 2019a).** Fleire artar vil utan tvil dukke opp etter kvart, for vatnet ligg strategisk til.

**Vadarar:** **Raudstilken (NT)** hekker ved vatnet. Dette er ein art som har vist klar tilbakegang siste åra på Sunnmøre. Fleire stader er arten no borte eller desimert kraftig, **og dette er ein av få hekkelokalitetar som er att på Sunnmøre (Sunnmøre Ringmerkingsgruppe 2022).** Same tendensen ser ein rundt om i landet elles. Dette gjeld for alle vadefuglar: Tørrelæsing av våtmarker og auka forstyrring, inkl hyttebygging og vegbygging, har klar negativ innverknad. **Enkeltbekkasinen** rundt vatnet vil også få problem pga det same. **Strandsnipa** er vel den arten som best tilpassar seg miljøforandringer, men også den arten er i tilbakegang. Andre vadarartar legg også vegen inn om Stigelivatnet på trekk. I tillegg er **gluttsnipe, kvartbekkasin og rugde** observert dei siste par åra (**Sunnmøre Ringmerkingsgruppe 2022**). Storspove (EN) brukar også området (**Kvitblikkhaugen vel 2019a**).

**Gråhegren** er kanskje på veg opp att litt. Arten har vore langt nede siste åra, sannsynlegvis pga hensynslaus nedskyting ved fiskeoppdrettanlegga. Som furasjeringsområde er Stigelivatnet glimrande for denne sky arten.

**Ein oter har etablert revir i området, og brukar Stigelivatnet til næringssøk. Revirhevdande hannetter er kjent å utkonkurrere villmink, og er i så måte verdifull å ha i området (Kvitblikkhaugen Vel 2019a).**

## SKOG/GAMMALKOG

Lia ovanfor Stigelivatnet, der det allereie er ein del hytter, viser seg framleis å ha fine naturverdiar, som f.eks gamle osper, som er viktige for det biologiske mangfaldet. Spettene slit etter kvart rundt om i landet, pga feks granplanting og mykje uttak av gammalkog. I dette området hekkar den sjeldne **kvitryggspetten**, **dvergspetten** og **gråspetten**. Osp er eit viktig treslag for desse artane. Dei hakkar ofte ut reirhol i gamle osper, **som andre holrugande artar tek over neste hekkesesong (Kvitblikkhaugen Vel 2019a)**. **Grønspetten** kan også ha tilhald der. Vinterstid dukkar også **flaggspetten** opp. **Det er ikkje mange stadar på Sunnmøre at alle spettane minus svartspett og tretåspett held til, så dette er unikt (Marie Løvoll pers. medd.)**. Gammal ospeskog kan vere eit vere eller ikkje for våre hekkande spetter, ikkje minst for den sjeldnaste av dei, kvitryggspetten.


Like ved «ospekrullen», på eit meir ope område, har **orr fuglen** spellass, **og hekkefunn er dokumenterte (Kvitblikkhaugen Vel 2019a)**. Hyttebygging i nærleiken vil vere takk og farvel til den arten i det området. **Kattugla** har jaktområde der (hekkar i nærområdet) og det same gjeld **sporvehauken**. **Tårnfalken** viser seg stadig i hekketida, **og fjellvåken hekkar i området (Kvitblikkhaugen Vel 2019a)**, desse to hekkar ved gode smågnagarår. Også den raudlista **gauken** er ofte å høyre. Denne arten legg egg hos **heipiplerke** og **trepiplerke**. Den sistnemnde arten har, så langt vi veit, den tetteste hekkebestanden på Sunnmøre. Eit forskingsprosjekt ved Stigelivatnet kan vere aktuelt pga den store tettleiken av trepiplerke. **Toppmeisa** er i tilbakegang i Noreg pga fjerning av gammalkog, spesielt gammal fureskog. Ved Stigelivatnet er der enno ein brukbar bestand. **Raudstjerten** er relativt fåtalig på Sunnmøre. Han hekkar i dette området. **Vendehalsen hekka i stranda kommune fram til 1990-talet, men gjekk deretter drastisk tilbake. Vendehals vart observert ved Stigelivatnet i 2018.** Andre som hekkar i området er grå- og svartkvit flugesnappar, taksvale (NT), tårnseglar (NT) og fleire songar (Kvitblikkhaugen Vel 2019a).

## KANTVEGETASJONEN VED INNLØPET TIL STIGELIVATNET MED GRÅORSKOG


Der er framleis gode populasjoner av ulike småfuglartar i kantvegetasjonen, alt frå ulike trasteslag, songarar, finkar, sisikar, til den raudlista sivsporven (**ikkje raudlista lenger**). **Dvergspetten** er også dokumentert å hekke her, samt den raudlista granneisa (VU), og trepiplerka (vert for den raudlista gauken, som også er uvanleg talrik i området) trivst særleg godt her, sjølv om ho generelt er talrik i området (Marie Løvoll pers. medd). Hyttebygging, med tilhøyrande vegbygging og anna som hører med, vil kunne vere ein spikar i kista for mange av dei artane som hekkar i dette området.

---

To særleg viktige områder for fugl er framstilt på kart med to omsynssoner som er teikna inn av Kvitblikkhaugen Vel (2019b), sjå figur Figur 10 og Figur 11. Det gjelder eit område med fleire store gamle osper, aust for Stigelivatnet (Omsynssone 1), samt våtmarksområda på sørsida av Stigelivatnet (omsynssone 2), desse områda er også omtalt i gjennomgangen over. Grunngjevinga er viktigheita av gamle osper for dei omsynskrevjande og sjeldne artane kvitryggspett, dvergspett og gråspett, samt anna skogsfugl, og våtmarksområda rundt Stigelivatnet for våtmartksfugl (sjå sitat over). Dette er nyttige innspel, og vert tatt med i den vidare vurderinga av området.



Figur 10 Omsynssone 1 (oransje) viser eit areal med gamalskog med ospeholt. Arealet strekkjer seg frå eksisterande hyttefelt og nordaustover. Figur henta frå «Innspel til detaljregulering av hyttefelt Fausadalen» (Kvitblikkhaugen Vel 2019b).



Figur 11 Omsynssone 2 (oransje) omfattar Stigelvatnet og myrområda rundt. Arealet blir naturlig avgrensa mot eksisterande hyttetomter i nord og aust, i tillegg til kantvegetasjon langs innløpet i vest. Området rundt vatnet i sør og vest må bli skjerma for utbygging og auka ferdsel i hekketida for å sikre dyrelivet rundt vatnet. Figur og tekst henta frå «Innspel til detaljregulering av hyttefelt Fausadalen» (Kvitblikkhaugen Vel 2019b).

#### 4.4.1 Økologiske funksjonsområde

Gjennom NiN-kartlegginga etter Miljødirektoratet sin instruks i 2020 vart heile utredningsområdet undersøkt av underteikna. Med bakgrunn i eigne observasjonar og den dokumentasjonen som føreligg, så blir det avgrensa to delområde med økologiske funksjonsområder.

##### *Økologisk funksjonsområde for spetter og orrfugl*

Det som er avgrensa som «omsynssone 1» i Figur 10 er i grove trekk det området som er skildra med større mengde gamle osp eller «ospekrullen» i sitatet til Sunnmøre Ringmerkingsgruppe over (sjølv om osp også finnast andre stadar i lia, men neppe så mange og så store og gamle). Området vart i tillegg undersøkt av underteikna under NiN-kartlegginga i 2020, i følge med Marie Løvoll.

Området har tydeleg biologiske verdiar, av dei grunnane som er nemnt tidlegare: viktig treslag for spettar, særleg kvitryggspetten, og for anna skogsfugl som brukar spettehol til hekking. I tillegg er det eit viktig treslag for lav. Busengdal (2019) observerte hyppige hakkemerker etter ulike spettar, særleg kvitryggspett og dvergspett. Både kvitryggspett, gråspett og dvergspett er konstatert hekkande i området, og Busengdal (2019) telte opp ca 25 gamle osper i området, i mosaikk med andre lauvtre og furu. På grunnlag av dette avgrensast derfor eit økologisk funksjonsområde for skogsfugl som er meint å fange opp dei viktigaste førekommstane av gamal osp, som er eit viktig treslag for spettar og andre skogsfugl. Kvitryggspett var konstatert å hekke i området seinast i 2018. Delområdet må sjølv sagt sjåast i samanheng med skogområda rundt, som også er del av leveområde til arten. Avgrensinga fangar også opp den omtalte spellassen til orrfugl, som er sensitiv for forstyrring nær spellassen.

#### ***Økologisk funksjonsområde for våtmarksfugl***

Det som er avmerka som omsynssone 2 omfattar i hovudsak våtmarksområda rundt Stigelivatnet. Våtmarksområda her kvalifiserer ikkje til avgrensing av naturtypar etter Miljødirektoratet sin instruks, fordi nedbørsmyra på nordsida av Stigelivatnet ikkje er stor nok, og fordi myra ikkje er rik nok – her er i hovudsak fattig og svakt intermediær myr, med små innslag av sterkt intermediær til svakt kalkrik myr mot vest, basert på eigne observasjonar og Busengdal (2019)). Ut frå føreliggande dokumentasjon om fugleartar som brukar området (sjå omtale over og artslista i Tabell 7), er det difor avgrensa eit økologisk funksjonsområde for våtmarksfugl. Det er blant anna dagleg brukt til næringssøk av eit smålompar i 2017 og 2018 (Kvitblikkhaugen Vel 2019a), og , som er det einaste paret registrert i kommunen (Kvitblikkhaugen Vel 2019a). Smålom er også fotodokumentert kurtiserande her. Storlom nyttar også vatnet. Maks 15 små- og storlompar hekkar på Sunnmøre, og ikkje alle hekkar kvart år. Det er også konstatert hekking av den nær truga raudstilken, ein av svært få lokalitetar som er att på Sunnmøre, og det er i så måte ein regionalt viktig lokalitet. Også krikkand og stokkand er registrert hekkande, i tillegg til at området er viktig for ein rekke artar på trekk og på næringssøk (sjå artslista i Tabell 7). Storspove (EN) er også registrert på lokaliteten. Området får etter KU-metodikken stor verdi, fordi det er leveområde for ein nær truga art (hekkande raudstilk) og ein sterkt truga art (leveområde for storspove).

#### ***Økologisk funksjonsområde for dvergspett og anna skogsfugl***

Omsynssone 2 omfattar ein lokalitet med flaumskogsmark som vart registrert gjennom NiN-kartlegginga i 2020 (sjå Figur 12). Slik som skildra over, er også dette eit viktig fuglebiotop, flaumskogsmark ofte er, blant anna hekkar den omsynskrevjande dvergspett og den sårbare (VU) granmeisa her. Også for treiplerka er dette området spesielt viktig, ho er på generelt grunnlag særlig talrik i området rundt Stigelivatnet (Marie Løvoll per. medd.). Også den tidlegare raudlista sivsporven hekkar her, måltrast og fleire andre, og fleire andre. Denne lokaliteten er fanga opp gjennom registreringskategorien «naturtypar» i den første KU-en (Langlo 2020), der den fekk noko verdi. Ut frå ny kjennskap om at det blant anna hekkar dvergspett og granmeis (VU) på lokaliteten, i tillegg til å vere skildra eit rikt fugleliv, så tyder denne kunnskapen om at det er riktig å sette verdien til middels som eit økologisk funksjonsområde. Det lagast derfor eit delområde også her.


## **4.5 Våtmarksområde og rikmyr**

Store delar av planområdet består av myreal, enkelte stadar med overgangsformer mot fastmark, i tillegg til nokon områder med fastmaksskogsmark. Myrealala er i seg sjølv innanfor planområdet stort og framleis relativt urørt, dessutan del av eit større, samanhengande myrområde som strekkjer seg frå Fausa i aust til Velledalen i vest. Holtan & Grimstad (2000) avgrensar i si tid fleire rimyr-lokalitetar i området etter DN handbok 13. Desse lokalitetane ligg inne i Naturbase som lokalitet Fausa: Fausalia (BN00008306), Nysætervatnet: vest for Fursætra (BN00015242), Nysetervatnet – Revdalselva (BN00070168) og Velledalen: Drotninghaug-Sunndalen (BN00015251) (sjå Figur 12). Dei

skriv i desse skildringane at «Lokaliteten utgjer ein svært viktig og uerstatteleg del av områda med rikmyr som strekkjer seg frå Fausa i Stranda og 7 km vestover til øvre Velledalen i Sykkylven», der store deler av dette (særleg i Fausa) er gamle slåtte- og beitemyrer. Desse lokalitetane ligg på nordsida av Nysætervatnet, men det var tydeleg gjennom NiN-kartlegginga utført av underteikna i 2020 at det finnast rikmyr også på sørsida av Nysætervatnet, sjølv om det ikkje er snakk om rik nok eller store nok areal til å kartfeste etter Miljødirektoratet sin instruks. Dvs. nordsida av Nysærervatnet er nok rikare. Området som vart kartlagt i 2020 er vist med blått omriss i Figur 12, og overlappar med lokalitet Fausa: Fausalia etter DN-håndbok 13 (omtala over) er merka med grøn strek. I 2020 vart området vurdert å ligge i mellomboreal sone, noko som betyr at berre myr som er sterkt kalkrik (V1-C-4,8,9) skal utfigurerast etter Miljødirektoratet sin instruks. Det førte til at berre nokre få lokalitar var store nok (minimum 1000 m<sup>2</sup>) og rike nok (sterkt kalkrik og ekstremrik V1-C-4,8,9) til å bli utfigurert, noko som det i praksis finnast svært lite av i vår region. Det var tydeleg under kartlegginga at sterkt intermediære til svakt kalkrik myr, med artar som raudmakkmos, dvergjamne, bjørnebrodd, sær bustarr og somme stadar breimyrrull mm opptrer jamt, sjølv om fattig og svakt intermediær myr er dominerande, særleg på dei større flate myrpartia. Også Busengdal (2019) fann tilsvarende indikasjoner.

#### 4.5.1 Landskapsøkologisk funksjonsområde

Det vurderast som korrekt å avgrense eit landskapsøkologisk funksjonsområde som omfattar Nysætervatnet og myrsistema rundt, frå øvre del av Velledalen i vest, til Fausadalen i aust, på begge sider av Nysætervatnet. Dette vart gjort også i ein konsekvensutgreiing utført ved Fjellsetra i 2020 (Wangen 2020), og er grunna blant anna i Holtan og Grimstad (2000). Området er ikkje avgrensa i kart, men omfattar alle myrareala innanfor planområdet. Nysætervatnet og myrområda rundt er også viktig for våtmarksfugl, blant anna hekkande storlom i Nysætervatnet, og som furasjonsområde for smålom og storlom generelt (Marie Løvoll pers. medd. 2020).




Figur 12 Grøne polygon er Naturtyper registrert etter DN handbok 13, alle registrert av Holtan & Grimstad (2000). Blått område viser område som vart kartlagt etter Miljødirektoratet sin instruks i 2020, og lilla områder er Naturtyper registrert etter denne instruksen.

# 5 VURDERING AV VERDI OG PÅVERKNAD

## 5.1 Samla verdivurdering

Det er avgrensa fire delområder, der tre er økologiske funksjonsområder for artar (sjå Figur 13), og eitt er eit landskapsøkologisk funksjonsområde. Detaljert skildring finnast i kapittel 4.4 og 4.5. Det landskapsøkologiske funksjonsområdet stekker seg langt utanfor planområdet, og er ikkje inntekna i kart.



Figur 13 Verdikart. Delområde 1, Kvitblikkhagen aust, delområde 2, Stigelivatnet og Delområde 3, Stigeligrova, er teikna inn i kartet.

Tabell 8 Oversikt over registrerte delområde innan det avgrensa temaet.

Delområde	Verdi	Registreringskategori	Grunngjeving
D1 Kvitblikkhagen aust	Middels	Økologisk funksjonsområde for skogsfugl	Stort ospebestand, spesielt viktig for bl.a. kvitryggspett som hekker i området. Spellass for orrfugl
D2 Stigelivatnet	Stor	Økologisk funksjonsområde for våtmarksfugl	Hekking av bl.a. raudstilk (NT). Viktig lokalitet for fugl på trekk og næringssøk, bl.a. smålom.
D3 Stigeligrova	Middels	Økologisk funksjonsområde for dvegspett	Flaumskogsmark/gråor-heggeskog. Dvergspett er konstatert å hekke her, samt ein rekke andre trastar, sporvar, finkar og sisikar.
D4 Nysætervatnet og omegn	Stor (nedre del)	Landskapsøkologisk funksjonsområde	Stort og variert myrkopleks med stor variasjon i myrtypar, inkluderer en del rikmyr. Viktig område for arealkrevjande våtmarksfugl.

## 5.2 Verdi og påverknad for berørte delområde

### 5.2.1 Delområde 1 – Kvitblikkhaugen aust

Omfattar eit skogsareal med eldre skog og fleire eldre osper, som er viktig treslag for spettar, særleg den omsynskrevjande kvitryggspetten. Omfattar også ein spellass for orrfugl, som er sensitiv for menneskeleg forstyrring.

Registreringskategori: Økologisk funksjonsområde

Verdi: Middels



#### Grunngjeving for verdisetting

Viktig del av leveområde for dei omsynskrevjande artane kvitryggspett, dvergspett og gråspett (som er viktige artar også for mange andre holrugande artar) og den sky arten orrfugl.

#### Påverknad

Alternativ 1: Spellassen vil svært sannsynleg miste sin verdi dersom hyttefeltet lengst aust i Stigelia (merka «A» i Figur 14) vert realisert, potensielt også dersom dei nye hyttene nest lengst aust (merka «B» i Figur 14) vert realisert. Dette fordi orrfugl er særleg var for forstyrring rundt spellassen, og det reknast som svært sannsynleg at dette hyttefeltet vil vere så nær at spellassen ikkje lenger vil bli brukt. Påverknad for denne spellassen er dermed sterkt forringa – han blir øydelagt. Leveområdet elles for orrfuglen (og ulike sky skogsartar) vil også på generelt grunnlag utanfor dette delområdet få redusert kvalitet, fordi auka mengde hytter også vil auke mengda menneskjer i området, også i utmark, som vil gjere orrfugl og andre sky skogsfugl endå meir sårbarer.

Dei store ospene ser ikkje ut til å bli råka av planane, og kvitryggspett, dvergspett og gråspett er ikkje av dei mest sky fugleartane. Det kan likevel vere at hyttefeltena gjer området mindre attraktivt som hekkeplass, sjølv om det vil bevare sin funksjon som furasjonsområde. Påverknaden vurderast dermed ut frå dette føre-var-prinsippet som forringa.

→ Samla påverknad av delområdet (verste styrer): Sterkt forringa.


Vurderinga støttast av følgande kriterier i Tabell 3 (rettleiing i bruk av påvirkningsskalaen): Tiltaket vil forringe areal slik at funksjonar brytast (spellass ueigna, hekkeplass ueigna)

Alternativ 2: Truleg vil spellassen i stor grad behalde sin verdi, slik som i dag, med berre ein liten potensiell redusert verdi som følgje av auka menneskeleg aktivitet i området. Dette gir ubetydeleg endring.

Ospeholtet reknast å i stor grad behalde sin verdi som hekke- og furasjonsområde, slik som i dag, med berre ubetydeleg, negativ potensiell effekt av den auka menneskelege aktiviteten i området. Dette føreset at ein ikkje gjer tilretteleggingar i ospeholtet, som til dels rastepllass. Dette gir ubetydeleg endring.

→ Samla påverknad av delområdet (verste styrer): Ubetydeleg endring.

Vurderinga støttast av følgande kriterier i Tabell 3 (rettleiing i bruk av påvirkningsskalaen): Tiltaket vil gi ingen eller uvesentleg verknad på kort eller lang sikt.



Figur 14 Utdrag av planen i Stigelia til venstre, og Kviblikhaugen til høgre. Område A og B vil ha direkte negativ påverknad på Delområde 1, medan område C, F og til dels D vil ha negativ påverknad på Delområde 2.

### 5.2.2 Delområde 2 – Stigelivatnet

Omfattar sjølve Stigelivatnet og myrområda rundt. Dette er eit viktig område for våtmarsfugl, som brukar området til hekking, rastepllass og næringssøk. Blant anna er det konstatert hekkande raudstilk (NT), kvinand og stokkand. Storlom og smålom brukar området fast, og den sjeldne arten storspove (EN) brukar også området og mange fleire.

Registreringskategori: Økologisk funksjonsområde

Verdi: Stor



#### Grunngjeving for verdisetting

Viktig funksjonsområde for ei rekende våtmarksfugl, både til hekking, næringssøk og som rastepllass. Konstatert hekking av den nær truga raudstilken leveområde til den sterkt truga storspoven, samt mange fleire, gjer at området får stor verdi.

#### Påverknad

Alternativ 1: Tomta merka med «C» og til dels tomtene i område «D» teikna inn i Figur 14, samt område F i vil trenge inn i myrområdet tilknytt Stigelivatnet, og aukar den samla belastninga. Desse tomtene har liten skjerming mot vatnet, og lyd frå menneska på hyttene berer langt. Heilårsstien vil ha endå større konsekvens, då den vil legge til rette for turgåurar her gjennom heile året, inkludert hekketida. Den vil også medverke til drenering av området. Stien er tatt ut av planen, og blir derfor ikkje med i vurderinga. Skiløypa vil i all hovudsak skje utanfor hekkesesong. Den vil derfor ikkje ha like stor innverknad, sjølv om den kan ha noko forstyrrende effekt for rastande fugl medan vatnet er isfritt, men antakeleg i ubetydeleg grad.


→ Samla påverknad av delområdet (verste styrer): Forringa

Vurderinga støttast av følgande kriterier i Tabell 3 (rettleiing i bruk av påverknadsskalaen): Tiltaket vil forringe areal slik at funksjonar reduserast og potensielt brytast (for sky artar som for eksempel smålom og storlom).

Alternativ 2: Det blir ikkje lagt til rette for nye hytter innanfor delområdet, eller i nær tilknytning til området. Område E ligg bak skråninga, og område I er skjerma bak eit skoghol (flaumskogsmarka), og har i tillegg god avstand. Den einaste negative konsekvensen er knytt til den generelle auka menneskelege ferdselet i området. Så lenge det ikkje leggast til rette for ferdsel her (blant anna langs skitraseen) i barmarksseesongen, så er det ikkje eit særleg attraktivt område å gå tur, sidan det stort sett er myr, og denne effekten reknast derfor som relativt liten for dette delområdet. Påverknaden reknast dermed som ubetydeleg.

→ Samla påverknad av delområdet (verste styrer): Ubetydeleg endring

Vurderinga støttast av følgande kriterier i Tabell 3 (rettleiing i bruk av påverknadsskalaen): Tiltaket vil gi ingen eller uvesentleg verknad på kort eller lang sikt.



Figur 15 Oversikt over reguleringsplanen. Prikka linje, merka «G» er ein heilårssti. Område H er relativt skjerma for Stigelvatnet av skog, og har mindre direkte påverknad, men er, særleg saman med område I, i stor grad med på å fragmentere, drenere og kraftig forringe myrsystemet og øydelegge det for ein rekke våtmarksfugl. Også område J og K eter seg innover myra, og bidreg til å auke den samla belastninga.

### 5.2.3 Delområde 3 – Stigeligrova

Overlappar med lokalitetene med flaumskogsmark kartlagt etter Miljødirektoratet sin instruks i 2020. Her hekkar det ein rekke trastar, finkar, sporvar, songarar og sisikar, samt den særleg omsyns-krevjande dvergspetten og den sårbare (VU) granmeisa.

Registreringskategori: Økologisk funksjonsområde

Verdi: Stor



### **Grunngjeving for verdisetting**

Funksjonsområde (hekkeområde) for dvergspett, som er ein art på Miljødirektoratet si liste over spesielt omsynskrevjande artar, og den sårbare (VU) granmeisa. Trepiplærka er særleg talrik her, ho er viktig vert for den raudslista gauken (NT).

### **Påverknad**

Alternativ 1: Området har alt mista mykje av sin verdi på grunn av at det er rydda for dødved, og at det nyttast som rastepllass av turgåurar. Utbygging av hyttefeltet i Stigeligrova vil for det første antakeleg auke mengda turgåurar til lokaliteten, som aukar forstyrringa, og i verste fall gjer området ueigna for hekking. Ut frå føre-var-prinsippet blir lokaliteten vurdert å bli forringa.

Gråor er derimot eit treslag som relativt fort blir «gamalt», og forelding av lokaliteten kan gjenopp-takast, samt rasteplassen flyttast, slik at området på sikt kan få tilbake sin verdi. Slike avbøtande tiltak kan redusere påverknaden til ubetydeleg endring, mot grensa til forbedra, avhengig av kor mykje området elles brukast av turgåarane etter utbygging.

→ Samla påverknad av delområdet (verste styrer): Forringa.

Vurderinga støttast av følgande kriterier i Tabell 3 (rettleiing i bruk av påverknadsskalaen): Tiltaket vil forringe areal slik at funksjonar reduserast

Alternativ 2: Hyttefeltet i Stigeligrova (merka med H i Figur 15) er tatt ut, noko som truleg vil lette på trykket med auka turgåurar. Påverknaden reknast dermed berre som noko forringa.

Merk det som står under Alternativ1, om at avbøtande (legge tilbake dødved, slutte rydding og flytte rasteplassen) kan redusere påverknaden til ubetydeleg, og under alternativ 2 sannsynlegvis gi forbetra tilstand på lang sikt.

→ Samla påverknad av delområdet (verste styrer): Noko forringa.

Vurderinga støttast av følgande kriterier i Tabell 3 (rettleiing i bruk av påverknadsskalaen): Tiltaket vil forringe areal slik at funksjonar reduserast, men vesentlege oppretthaldast.

### **5.2.4 Delområde 4 – Nysætervatnet og omegn**

Omfattar Nysætervatnet og myrareala rundt, frå Velledalen i vest til Fausadalen i aust. Her er store myrareal med stor variasjon i myrtypar, deriblant ein del sterkt intermediær til rik og delvis ekstremrik (nord for Nysætervatnet) myr, samt ein del store, relativt uberørte myrflater.

Registreringskategori: Landskapsökologisk funksjonsområde

Verdi: Stor



### **Grunngjeving for verdisetting**

Det er snakk om eit stort, samanhengande myrområde frå øvst i Velledalen i vest, til Fausa i aust med stor variasjon av myrtypar (fattig til rik, lausmatte til fastmatte og tuer). Det er også mykje gammal, attgroande slätte- og beitemyr i området, mest nord for Nysætervatnet og i Fausalia. Området har også ein viktig funksjon for våtmarksfugl (bl.a. storlom og smålom) og skogsfugl. Dette gir grunnlag for middels verdi.

Nysætervatnet og myrsistema rundt er minst regionalt viktig for ein rekke våtmarksfugl på trekk og næringssøk, inkl. storspove (EN), samt ei rekke hekkande artar, bla. raudstilk (NT), storlom i

Nysætervatnet, fleire bekkasiner, trane, strandsnipe, smålom på jamnleg næringssøk mm. Dette gir grunnlag for minst middels verdi, men blir av omsyn til føre-var-prinsippet dradd opp til stor verdi.

### Påverknad

Alternativ 1: Fleire av hyttetomtene/hyttefeltet vil føre til ein direkte øydelegging av hydrologien og økosystemprosessane i myra. Særleg hyttefelt «H» i Raudlihaugen og «I» i Stigeligrova (sjå Figur 15) og heilårsstien vil føre til betydeleg fragmentering av det framleis relativt store, samanhengane våtmarksområdet, og særleg hyttefeltet i Raudlihaugen føre til direkte brudd i hydrologien. Nedstraums her vart det i 2020 registrert artar som tyder på intermediær myr, og flyfoto tyder på at dette er eit større område med intermediær og sannsynlegvis innslag av rik myr (men ikkje rikt nok og stort nok til å utfigurere etter Miljødirektoratet sin instruks i 2020) rundt hyttefeltet «I». Desse to hyttefeltet aukar sjansen for at områda mellom på eit seinare tidspunkt vil byggast ut gjennom fortetting (men dette vektleggast ikkje under påverknad her). Også hyttefeltet merka med «J», og «K» eter seg innover myra, og bidreg til å redusere storleiken på myra, og auke den samla belastninga. Alle desse områda, men særleg område H og I, vil det føre til ein betydeleg auking av støy i området, som saman med det konkrete arealbeslaget også vil redusere verdien av det gjenverande området kraftig for arealkrevjande og sky våtmarksartar, potensielt til det punkt at dei ikkje lenger nyttar området. Heilårsstien ville ha ført til menneskeleg ferdsel og forstyrring langt ut i eit elles lite attraktivt turområde, midt i hekketida, men denne er ikkje inkludert i planen lenger, og vektleggast derfor ikkje her. Skitraséen vil ha mindre innverknad på fuglelivet, sidan den berre blir brukt når det er snø på bakken. For myra vil denne ikkje ha særleg negativ innveknad, gitt at ein ikkje gjer tilrettelegging av marka ved f.eks. drenering eller hogst. Område E grip inn i ei framleis lite berørt myrflata, og stoggar både vatn som sig ned frå skrånингa i sør, samt beslagleggjer deler av myrflata. Denne myrflata har innslag av svakt kalkrik myr, med artar som breimyrull.

Den auka mengda mennesker som nyttar området vil føre til auka forstyrring i utmark, som dermed vil auke den samla belastninga. Det er sannsynleg at også Nysætervatnet blir brukt betydeleg meir, som fører til redusert verdi også av fugl som nyttar dette vatnet, som til dels storlom.

Planane vil samla føre til forringa tilstand i dei berørte areala, men det vil framleis vere att store areal kring Nysætervatnet. Sett i samanheng med den samla belastninga (sjå også delkapittel 7.3) verker det likevel korrekt å sette påverknaden til forringa.

→ Samla påverknad av delområdet (verste styrer): Forringa.

Vurderinga støttast av følgande kriterier i Tabell 3 (rettleiing i bruk av påverknadsskalaen): Tiltaket vil forringe areal slik at funksjonar reduserast

Alternativ 2: I all hovudsak gjeld det som står i Alternativ 1, men med følgande forskjellar: Nokre av dei mest negative inngrepa er tatt bort, samanlikna med Alternativ 1. Størst innverknad har det at Stigeligrova (område H) er tatt bort, og at den samla mengda tomter er redusert med 22, noko som reduserer den samla belastninga. Det er også positivt at område E er justert for å redusere påverknaden på myrflata, sjølv om det også i Alternativ 2 har ein klart negativ effekt. Heilårsstien var alt tatt ut i vurderinga av Alternativ 1. Fleire små hyttefelt og enkeltomter er flytta/tatt bort (område A, B, C og F i Figur 14), desse er nærmere omtala under Delområde 1 og 2.

Framleis er det snakk om ein omfattande utbygging i området, med betydelege myrareal som vert påverka både direkte og indirekte, også til dels intermediær og potensielt svakt kalkrik myr. Framleis vil både inngrepa og den auka menneskelege aktiviteten truleg redusere verdien av området for sky våtmarksfugl, men det er vanskeleg å vite kvar terskelen går for desse artane. Sett i samanheng med den samla belastninga (sjå også delkapittel 7.3) verker det likevel korrekt å sette påverknaden til forringa, nedredel.

→ Samla påverknad av delområdet (verste styrer): Forringa, nedre del.

Vurderinga støttast av følgande kriterier i Tabell 3 (rettleiing i bruk av påverknadsskalaen): Tiltaket vil forringe areal slik at funksjonar reduserast.

# 6 KONSEKVENSAR

## 6.1 Vurdering av alle delområder

Då dette berre er ein supplerande KU og ulike delområde, vil kvart delområde som er skildra i denne rapporten vurderast kvar for seg. Derimot vert ikkje den samla konsekvensen og samanlikning av alternativ vurdert på nytt.

Konsekvens er ein samanstilling av verdi og påverknad, og skal utledast av konsekvensvifta i Figur 8. Delområde 1, Kvithaugen aust, har middels verdi. I Alternativ 1 blir delområdet sterkt forringa, noko som gir betydeleg miljøskade (--), medan delområdet i alternativ 2 blir ubetydeleg påverka, noko som gir ubetydeleg konsekvens. Delområde 2, Stigelivatnet, har stor verdi. I alternativ 1 blir delområdet forringa (øvre del), noko som gir alvorleg miljøskade, nedre del (---), medan det i alternativ 2 blir ubetydeleg påverka, som gir ubetydeleg konsekvens. Delområde 3, Stigligrova, har stor verdi. I alternativ 1 blir delområdet forringa, noko som gir betydeleg miljøskade, øvre del (--), medan det i alternativ 2 blir noko forringa, som gir noko miljøskade. Ver obs på at konsekvensen her kan reduserast med avbøtande tiltak. Delområde 4, Nysætervatnet og omegn, ha stor verdi. I alternativ 1 blir delområdet forringa, noko som gir betydeleg miljøskade, øvre del (--) , medan det i alternativ 2 blir forringa, nedre del, noko som gir betydeleg miljøskade, midtre del. Sjå også kapittel 7.3 om samla belastning.

Tabell 9. Konsekvens for delområder.

Delområde	Verdi	Påverknad		Vurdering alt1	Konsekvens	
		Alt1	Alt2		Alt1	Alt2
D1 Kvithaugen aust	Middels (nedre del)	Sterkt forringa	Ubetydeleg	Middels verdi og sterkt forringa gir betydeleg miljøskade for delområdet. Spellass for orrfugl blir antakleg ubrukeleg, og ein svært viktig del av leveområde til kvitryggspett., Gråspett og dvegspett blir betydeleg forringa.	Ubetydeleg miljøskade	-- Betydelig miljøskade for delområdet
D2 Stigelivatnet	Stor	Forringa	Ubetydeleg	Stor verdi og forringa gir betydeleg til alvorlig miljøskade (grenseområde). Auka forstyring som heilt eller delvis kan jage bort ein del sky fugleartar.	Ubetydeleg miljøskade	--- Alvorlig miljøskade for delområdet, nedre del
D2 Stigelivatnet	Stor	Forringa	Noko forringa	Stor verdi og forringa gir betydeleg miljøskade for delområdet, i grensa til alvorleg miljøskade. Auka aktivitet av turgarar i området gjer det mindre eigna for hekkande skogsfugl, potensielt med den konsekvens at enkelte blir jaga bort.	- Noko miljøskade	-- Betydelig miljøskade for delområdet, øvre del
D4 Nysætervatnet og omegn	Stor	Forringa	Forringa, nedre del	Stor verdi og forringa gir betydeleg miljøskade, øvre del. Kraftig fragmenering og vidare forstyrring i eit framleis relativt stort og intakt myrkompleks, som er del av eit større myrområde rundt Nysætervatnet og viktig for ein rekke våtmarksfugl.	-- Betydeleg miljøskade for delområdet, nedre til midtre del	-- Betydelig miljøskade for delområdet, øvre del

## 6.2 Konsekvensar i anleggsperioden

Potensielle konsekvensar for fugl i anleggsperioden er særleg knytt til støy i hekkeperioden, av anleggsarbeid utført i/nær hekkeområder. Fugl tilpassar seg derimot generelt relativt godt jamn, forutsigbar støy, men er meir var for uforutsigbar, brå, og høge lydar, som bl. a. sprenging. Det er derfor ein fordel å legge minst mogleg av potensielt sprengearbeid til utanom hekkeperioda, som vanlegvis er mellom mars til juli, særleg kritisk er april-juni.

# 7 VURDERING ETTER NATURMANGFALDLOVA §§ 8-10

---

I dette kapittelet vil naturmangfaldlova §§8-10 besvarast, noko som også inneber ein besvaring av samla påverknad og beslutningsrelevant uvisse, som KU-forskrifta krev besvaring på.

## 7.1 § 8 Kunnskapsgrunnlaget

**Uvisse i registreringar:** Området er kjent frå tidlegare kartlegginga av underteikna, og vart også undersøkt av Geir Langlo i samband med KU-en som vart gjort i 2020 (men på eit noko ugunstig tidspunkt for å fange opp karplanteflora (08.10)). Uvisse knytt til førekomst av naturtypar etter Miljødirektoratet sin instruks er dermed liten. Det vart også gjort undersøkingar av Busengdal (2019), men etter utdatert metodikk. Notatet er likevel nyttig supplement i skildring av artar og området generelt. Med tanke på all den kunnskapen om er kome inn om fugleartar som nyttar området reknast uvisse med omsyn til økologiske funksjonsområde for artar som relativt **liten**, med den merknad om at dette er skjønnsvurderinger. Vurdering av landskapsøkologiske funksjonsområder er også basert på vurderingane til Holtan & Grimstad (2000), og er også tatt med av Langlo (2020). Samla er uvisse i registreringar vurdert som **liten**.

**Uvisse i verdi:** Det er gjort målretta kartleggingar av fugl i området sidan 2016 av Marie Løvoll og Kjell Mork Soot, som også har god lokal og regional kunnskap om dei ulike artane sin status og tålegrenser. Uvisse med omsyn til kva fugl som nyttar Stigelivatnet og skogsområda rundt, og korleis, reknast dermed som **liten**. Uvisse om førekomst av rikmyr i planområdet reknast også som **liten**, men berre med omsyn til den mest kalkrike myra, som er den som skal registrerast etter Miljødirektoratet sin instruks. Intermediær og svakt kalkrik myr er dermed ikkje registrert, men er, ut frå humommelse og registrering av indikatorartar i Artskart, tilstades. Om det landskapsøkologiske funksjonsområdet bør få middels eller stor verdi er litt usikkert, men er, først og fremst med omsyn til fugl, vurdert å vippe over i stor verdi. Samla er uvisse i verdi **rimelig liten**.

**Uvisse i påverknad og konsekvens:** Det reknast som rimeleg sikkert at planane slik dei føreligg vil jage bort orrfuglen frå den nærmaste spellassen. Meir usikkert er det i kor stor grad spettane blir påverkna av dei nærmaste hyttene. Det reknast som noko usikkert i kor stor grad sky artar og andre våtmarksartar vil bli jaga bort frå Stigelivatnet slik planane føreligg, men meir sikkert at resten av dei store myrområda vest for Stigelivatnet får betydeleg redusert verdi for våtmarksfugl. Påverknad og konsekvens reknast samla som **noko usikkert**.

## 7.2 § 9 Føre-var-prinsippet

Stor grad av uvisse aukar behovet for bruk av føre-var-prinsippet og omvendt. Føre-var-prinsippet er brukt det det har vore uvisse i verdi og påverknad, og bli brukt slik at beste verdi, eller verste utfall gjelder. I den grad føre-var-prinsippet er tatt i bruk kjem fram i gjennomgangen av delområder.

## 7.3 § 10 Samla belastning

Underteikna gjorde ein vurdering av samla belastning i samband med eit hyttefelt ved Fjellsetra nord for Nysætervatnet (Wangen 2020), og denne blir delvis gjengitt her i den grad det er relevant også i denne saka.

Utfordringa med små utbyggingar er at verdi og konsekvens gjerne kan være små isolert sett, men den samla belastninga i et større område vil bli relativt stor når det over tid føregår ein bit for bit-nedbygging. Eit sentralt perspektiv ved vurdering av påverknad og konsekvens for tiltaket er derfor § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning, som omhandlar belastninga for dei aktuelle økosistema med omsyn på den samla påverknaden som disse er berørt av lokalt, regionalt/nasjonalt og globalt.

FN sin nyaste rapport om naturen sin tilstand viser at det globalt har forsvunne 85 % våtmark, det meste i perioden sidan 1700-tallet til år 2000 (IPBES 2019). Dette talet seier i seg sjølv noko om kor stor den samla belastninga globalt er, og den same rapporten seier samtidig at det på generelt grunnlag er naudsynt med gjennomgripande samfunnsendringar for at ikkje økosistema skal kolapse.

Nasjonalt dekkjer våtmark omtrent 10 % av landarealet, og det er myrer i lavlandet som er under sterkt press frå utbygging og drenering. Under skoggrensa er minst 1/3 av våtmarka i Norge drenerert dei siste 100 år (Meld. St. 14 (2015-1016) Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald).

Sjølv om det lokalt framleis finnast store, intakte myrareal igjen på fjellet og i fjellskogen i Sykkylven og Stranda er dei fleste områda i lavareliggende strøk (sørboreal sone) borte gjennom arealendringar, eller sterkt påverka av drenering. I tillegg er myrsystemet rundt Nysætervatnet av særleg interesse blant anna fordi det finnast så pass mykje rikmyr innanfor området (spesielt enkelte stadar på nordsida), men også fordi det er eit viktig område for våtmarksfugl og skogsfugl i skogene rund.

Ein samanlikning mellom historiske flyfoto frå 1961 og dagens flyfoto (Figur 16 til Figur 19) fortel ein del om den samla belastninga i denne perioden. I 1961 var området rundt Nysætervatnet relativt intakt, bortsett frå hovudvegen på nordsida av Nysætervatnet og nokre gardsbruk langs denne. Sør-sida var i all hovudsak uberørt. Sidan den tid har det skjedd ein kraftig utbygging, i all hovudsak av hytter. Mykje har skjedd i og inntil myr, gjerne på fastmark men innanfor den mosaikken av fastmark og våtmark som i stor grad pregar området. I tillegg til sjølve arealbesлага, har det også ført til fragmentering av restområda, som får redusert verdi, spesielt for ein del fugleartar, men som følge av dreneringseffekter i myrareala utanfor utbyggingsområdet. Framleis er der likevel ein del større, relativt intakte myrkompleks att i dette landskapet, blant anna området mellom Stigelivatnet og vest mot Storheia peikar seg ut som eit ganske stort, samanhengande våtmarksområde. Under feltarbeidet i 2020 vart det bla.a funne intermediær og rik myr i området (dog ikkje rikt nok eller stort nok til å registerast etter Miljødirektoret sin instruks), og dette området har framleis stor verdi som våtmarkskompleks, sjølv om det er påverka fleire stadar mot nord. Områdeter har også framleis stor verdi for våtmarksfugl, også ein del sky artar (Marie Løvoll pers. medd 2020).

I tillegg er våtmarksområdet rundt Stigelivatnet dokumentert å vere spesielt viktig for ein rekke våtmarksfugl, inkludert den raudlista raudstilken (NT) og storospoven (EN), samt andre sky og arealkrevjande artar som storlom, smålom og trane mm. Det er alt bygd hytter tett inntil nordenden av Stigelivatnet, og effekten av disse er skildra av Kvitblikkhaugen Vel (2019a) ved Marie Løvoll slik: «*Hytene som i dag ligg på nordsida av Stigelivatnet er plasserte svært nær vatnet utan skjermande vegetasjon (sjå kartutsnitt), og har allereie synleg innverknad på fuglelivet. Små- og storlom, ender,*


*vadefuglar og traner trekk lengst mogeleg vekk frå menneskeleg aktivitet og held seg i hovudsak ved utløpet og på sør- og sørvestsida av vatnet. Det er lett å sjå at ei vidare utbygging i området vil ha innverknad på den artsrike biotopen, og det er svært store sjansar for at artane som held til ved vatnet vil forsvinne.»* Under feltarbeidet i 2020 høyrde ein også kor godt lyden berer i det opne landskapet.

Også i tilknytning til skogsareala rund er det dokumentert eit rikt fugleliv. Unikt er at alle spettartane utanom svartspett og tretåspett er funne i same område, det ser ein berre nokre få stadar på Sunnmøre (Marie Løvoll pers. medd 2022). Også trepiplerke har uvanleg store bestandar her, ein viktig vertsart for den raudlista gauken.

Kvitryggspetten sin status blir omtalt av Kviblikkhaugen Vel (2019a) ved Marie Løvoll slik: «*Frå artslista er det særskild grunn til å merke seg hekkande kvitryggspett, dvergspett og gråspett. Bestanden av kvitryggspett i Sverige, Finland og austlege delar av Noreg er nær utrydda på grunn av skogdrift, og alle tre artane var raudelista i 2006 [, men er i dag rekna som livsbestandig]. Redninga for kvitryggspetten har vore dei bratte sidene med urørt lauvskog som vi har på Vestlandet, men bestanden er stadig i nedgang. Kvitryggspetten si overlevingsevne avheng av tilgang til insekt i ståande, daud gamalskog ettersom hovudføda gjennom heile året er vedborande insekt i morkne tre (sjå foto). Spettane krev store område til sine spesifikke næringssøk, og det vart i 2018 registrert berre eitt par hekkande kvitryggspett og eitt par hekkande dvergspett ved lokalitet Stigelivatnet. Gamalskog utgjer ein urovekkjande låg del av skogen i Noreg og berre 2,4% er eldre enn 160 år. Gamle, morkne osper er føretrekte til reirhòl som fleire hòlrugande artar overtek neste hekkesesong (sjå foto).»* Det vart ikkje funne tilsvarande ospeholt lik det i Delområde 1 nokon anna stad under kartlegginga i 2020 (sjå blått området i Figur 12), sjølv om spreidde osper vart funne, blant anna på Storhaugen lenger vest. Øydelegging av dette delområdet vil dermed auke den samla belastninga for kvitryggspetten betydeleg i området.

Fugl knytt til skogen her blir truga gjennom aralbeslag, hogst som kan følgje hyttebygginga og fortyrring frå auka menneskeleg aktivitet. Rydding av skogen i Delområde 3 er eit eksempel ein negativ konsekvens som kjem som følge av at turfolk vil gjere det hyggelegare i nærleiken, men som har utilsikta betydelege negative konsekvensar.


Sidan det er gjort betydelege inngrep i området, men der framleis er ein del verdiar att, vurderast den samla belastninga på både våtmarksområda og naturen rundt generelt som middels til stor. Gjennomføring av planane slik dei føreligg no vil føre til **stor samla belastning**, særleg på våtmarksareaala og tilhøyrande fugleliv. I **alternativ 2** er planane nedskalert. Dei mest negative hyttefelta/tomtene er tatt bort, og tal hyttetomter er redusert med 56 samanlikna med alternativ 1. I alternativ 2 vil justeringane redusere dei største konsekvensane, slik at samla belastning vurderast som middels stor.



Figur 16. Historiske flyfoto frå 1961 frå austleg del av Nysætervatnet.



Figur 17 Flyfoto frå 2018 frå austleg del av Nysætervatnet.



Figur 18. Historiske flyfoto frå 1961 frå vestleg del av Nysætervatnet.



Figur 19 Flyfoto frå 2018 frå vestleg del av Nysætervatnet.

# 8 SKADEREDUSERANDE TILTAK OG OPPFØLGANDE UNDERSØKINGAR

---

Dette kapittelet skal supplere dei skadereduserande tiltaka som er lista opp i Langlo (2020) sin rapport.

## 8.1 Unngå

Å redusere konsekvensen av planane gjevr ein best ved å unngå dei mest skadelege delane av planen:

- Ein bør unngå utbygging av hytter nær Stigelivatnet, det gjeld særleg område C og F, men helst også område D i Figur 14. Dette vil føre til auka forstyrring, også i hekketida, og kan føre til at ein del hekkande artar blir kjaga bort, i tillegg til at området blir mindre attraktiv som rastepllass og furasjonsområde, særlig for sensitive arter som f.eks smålom og storlom.
- Unngå utbygging i områder som vidare fragmenterer det samanhengande, store myrområda. Det gjelder særlig hyttefeltet i Stigeligrova og Raudlihaugen (område H og I i Figur 15), men også hyttefeltet i Raudlia (område J og K i same figur) eter seg innover myrkomplekset og reduserer denne. Ein bør også redusere storleiken på område E i Figur 15, slik at ikkje denne eter seg innover myrflata, som også har innslag av rik myr.
- Unngå utbygging av hyttefelt som har negativ innverknad på kvitryggspetten. Det inneber at det bør vere ein buffersone på 300 m rundt delområde 1, der ein ikkje bør bygge nye hyttefelt, altså område A og B i Figur 14 bør ikkje byggast. Begge desse områda vil sannsynlegvis også skremme bort orrfuglen frå spellassen.

## 8.2 Avbøtande tiltak

Skader som ikkje kan unngås kan avbøtast (sjå også Langlo 2020). For eksempel leggast det til grunn at:

- Ein ikkje gjere inngrep i meir natur enn høgst naudsynt, samt unngå å bruke naturmark til lagring av masser.
- Ein passar på at eventuelle tilførte masser ikkje inneheld frø eller planterestar av framande artar.

## 8.3 Restaurering

Ein bør også gjere restaurerande tiltak for å redusere det samla skadbelastninga:

- Delområde 3, Flaumskogsmarka i Stigeligrova, brukast som rasteområde av hyttefolk, og er i den samband rydda for gamle tre og dødved, noko som er negativt for det biologiske mangfaldet, både sopp, lav, insekt og fugl. Særleg gråorskog blir fort «gamal», då gråor har en mykje kortare livssyklus enn andre treslag som f.esk gran og furu. Det vil også vere positivt å legge tilbake i skogen den dødveden som er samla inn i en haug. Vidare er det tydeleg at bruk av området av folk forstyrrar fuglelivet i hekketida. Det vil også vere til stor hjelp å ta bort tilretteleggingen (benkane) for rastepllass her, og heller finne ein anna stad utanfor denne lokaliteten.
- Innføre garnforbod også i Nysætervatnet og Sætrevatnet
- Ferdelsforbod på Storholmen, som truleg er viktig for hekkande våtmarksfugl

## 8.4 Økologisk kompensasjon

Frå og med 2021 vart det ikkje lenger tillate med drenering av myr til nydyrkning, men framleis finnast ingen forbod mot utbygging/drenering av myr til andre føremål. Samtidig er det ei målsetting både nasjonalt og internasjonalt å redusere klimagassutslepp, samt å restaurere 15 % av øydelagte økosystem. Våtmark er det mest karbontette økosystemet, og restaurering av myr er det mest kostnadseffektive tiltaket for å redusere klimagassutslepp (fortrinnsvis å tette igjen grøfter), og tilsvarende effektivt å bevare for å redusere klimagassutslepp. Restaurering av våtmark er derfor regjerings sitt viktigaste verkemiddel for å oppnå desse måla. Samtidig er våtmark eit spesielt viktig økosystem å bevare på grunn av den høge biodiversiteten knytt til desse, og dei er gjerne svært viktige fuglehabitat. Det står i Meld. St. 14 (2015-2016) «Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald» at «dersom det på grunn av viktige samfunnsinteresser likevel må gjerast inngrep i myrer, bør eventuelle overskuddsmasser så langt det er mulig brukes til restaurering». Dersom ein gjennomfører tiltak i som berører myr, bør ein derfor gjennomføre kompenserande tiltak, særleg gjennom tetting av grøfter i myr andre stadar, som veg opp for dei negative konsekvensane av tiltaket. Sidan restaurering aldri vil vere like effektivt som bevaring av myr, må ein ved økologisk kompensasjon sikte på å restaurere et areal som er større enn det som går tapt.

Aktuelle kompenserande tiltak i denne saka kan vere:

- Tette att drenert våtmark i anna område, f.eks. på Storholmen i Nysetervatnet og/eller den store grøfta aust for vegnettet aust for Sætrevatnet.

## 8.5 Før- og etterundersøkingar

Ein må følge med på om skitraséen gir fysiske skader i myra. Viss en gjer det, må rutiner for oppkøyring av trase revurderast.

Det bør vurdast å gjere berekningar av kor mye våtmark som blir berørt, og kor store mengder CO<sub>2</sub> som blir slept ut ved utbygging, både gjennom direkte nedbygging av myr, men også gjennom drenering og dermed meir langsame utslepp.

# 9 KJELDER

---

## 9.1 Skriftlege kjelder

- Artsdatabanken. 2022. Artskart. Hentet den 19.04.2022 fra <https://artskart.artsdatabanken.no/>
- Artsdatabanken 2021, 24. november. Norsk raudliste for arter 2021. <https://www.artsdatabanken.no/lister/rodlisteforarter/2021>
- Busengdal, S. E. 2019. Botanisk kartlegging ved Stigelivatnet. Notat datert 18.05.2019.
- Framstad, E., Bryn, A., Dramstad, W. & Sverdrup-Thygeson, A. 2018. Grønn infrastruktur. Landskapsøkologiske sammenhenger for å ta vare på naturmangfaldet. NINA Rapport 1410. Norsk institutt for naturforskning.
- Gederaas, L., Moen, T. L., Skjelseth, S., & Larsen, L. K. 2012. Fremmede arter i Norge—med norsk svarteliste 2012. Artsdatabanken, Trondheim 2012 s.
- Henriksen, S., & Hilmo, O. 2015. Norsk raudliste for arter 2015. Artsdatabanken, Norge.
- Holtan, D. & Grimstad, K.-J. 2000. Botanisk mangfold i Stranda kommune.
- IPBES 2019. Summary for policymakers of the global assessment report on biodiversity and ecosystem services of the Intergovernmental Science-Policy Platform on Biodiversity and Ecosystem Services. S. Díaz, J. Settele, E. S. Brondízio, H. T. Ngo, M. Guèze, J. Agard, A. Arneth, P. Balvanera, K. A. Brauman, S. H. M. Butchart, K. M. A. Chan, L. A. Garibaldi, K. Ichii, J. Liu, S. M. Subramanian, G. F. Midgley, P. Miloslavich, Z. Molnár, D. Obura, A. Pfaff, S. Polasky, A. Purvis, J. Razzaque, B. Reyers, R. Roy Chowdhury, Y. J. Shin, I. J. Visseren-Hamakers, K. J. Willis, and C. N. Zayas (eds.). IPBES secretariat, Bonn, Germany. 56 pages. <https://doi.org/10.5281/zenodo.3553579>
- Kibsgaard-Petersen 2021. Fausadalen hytteområde. Planskildrelse med konsekvensutredning. 10.09.21.
- Kvitblikkhaugen Vel 2019a. Merknadar til detaljregulering av hyttefelt Fausadalen. Høringsuttalelse + 3 vedlegg. Kvitblikkhaugen, 20. mars 2019.
- Kvitblikkhaugen Vel 2019b. Innspel til Detaljregulering av hyttefelt Fausadalen. Brev, Stranda, 27. april 2019.
- Langlo, G. 2020. Konsekvensutredning tema naturmangfold ved etablering av hyttefelt i Fausadalen. Natur og Samfunn rapport. Juni 2020.
- Miljødirektoratet. 2015. Veileder for kartlegging, verdisetting og forvaltning av naturtyper på land og i ferskvann, Utkast til faktaark.
- Miljødirektoratet 2022a. Veileder M-1941 om konsekvensutredninger. Hentet 28.04.2022 fra <https://www.miljodirektoratet.no/konsekvensutredninger>
- Miljødirektoratet. 2022b. Naturbase. Hentet fra <http://kart.naturbase.no>
- Statens vegvesen. 2018. Konsekvensanalyser. Håndbok V712 248 s. ISBN: 978-82-7207-718-0
- Sunnmøre ringmerkingsgruppe 2019. Merknader fra Sunnmøre ringmerkingsgruppe ang. hyttebygging rundt Stigelivatnet og nærmiljøet elles. Brev datert 22.06.2019.
- Sunnmøre Ringmerkingsgruppe 2021. Kommentarar til konsekvensutgreiing – vurdering etter Naturmangfaldlova §§ 8-10, sak 21/2865 + 1 vedlegg. Brev datert 11. mai 2021.

Sunnmøre ringmerkingsgruppe 2022. Merknader til detaljregulering for Fausadalen hyttefelt + 5 vedlegg. Høringsuttalelse, Hareid/Godøya 31. jan 2022.

Stenberg, I. 2004. Status and distribution of the White-backed Woodpecker *Dendrocopos leucotos* in Norway. - Ornis Norvegica 27: 94-105.

Wangen, K. 2020. Hyttefelt på Fjellsetra ved Nysætervatnet, Sykkylven kommune. Vurdering etter naturmangfaldloven §§8-10. Miljøfaglig Utredning notat 2020-N31, 31 s. ISBN 978-82-345-0099-2.

## 9.2 Munnlege kjelder

<i>Namn</i>	<i>Organisasjon/rolle</i>
Oddvar Olsen	FaunaFokus
Marie Løvoll	Sunnmøre Ringmerkingsgruppe og Kvitblikkhaugen Vel



Miljøfaglig Utredning AS ble etablert i 1988. Firmaets hovedformål er å tilby miljøfaglig rådgivning. Virksomhetsområdet omfatter blant annet:

- Kartlegging og konsekvensanalyser på fagtema naturmangfold
- Skjøtselsplaner og forvaltningsplaner
- Utarbeidning av kart (illustrasjonskart og GIS)
- FoU-virksomhet
- Foredagsvirksomhet

Hjemmeside: [www.mfu.no](http://www.mfu.no)

Org.nr.: 984494068 MVA